



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Vår dato: **28 JUN 2012**

Vår ref.: NVE 200709348-47 kv/firh

Arkiv: 312 /087

Deres dato:

Deres ref.:

Saksbehandler:

Finn Roar Halvorsrud

22 95 98 53

NVEs innstilling

NVE anbefaler at Stardalen Kraft AS får tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Stardalen kraftverk. Vi anbefaler at tillatelsen gis på de vilkår som følger vedlagt.

Etter en helhetsvurdering av omsøkte planer og innkomne uttalelser, finner NVE at fordelene og nytten ved bygging av Stardalen kraftverk er større enn skadene og ulempene for allmenne og private interesser, og at § 8 i vannressursloven dermed er oppfylt. Innstillingen er gitt på grunnlag av søknaden, utredninger, innkomne merknader og egne vurderinger. Vår vurdering forutsetter gjennomføring av avbøtende tiltak.

Innhold

Sammendrag	2
Søknad	3
Høring og distriksbehandling	5
Uttalelser til søknaden	6
Søkers kommentarer til uttalelsene.....	28
NVEs vurdering av konsekvensutredningen.....	45
NVEs vurdering av søknaden	48
Konklusjon etter vannressursloven.....	68
Vurdering av søknad etter oreigningsloven.....	68
Merknader til forslag til konsesjonsvilkår	69

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

Sammendrag

Stardalen Kraft AS søker om bygging av Stardalen kraftverk til produksjon av elektrisk kraft. Kraftverket vil nytte vannet i Stardalselva i Jølster kommune, Sogn og Fjordane. De omsøkte alternativene innebærer bygging av inntaksdam, vannvei i tunnel og kraftstasjon. Plassering av kraftstasjonen utgjør forskjellen mellom de to alternativene. I alternativ A1 ligger kraftstasjonen i fjell, i alternativ A2 ligger den i dagen. Begge alternativene vil utnytte et fall på 63,7 meter og berøre en strekning i elva på ca. 2,5 km.

Et tredje alternativ B med samme inntak, men med mindre fall og kortere berørt elvestrekning (ca. 1 km), ble vurdert, men ikke omsøkt av tekniske, økonomiske og miljømessige grunner.

To Francisturbiner med samlet effekt på 18 MW er planlagt installert i kraftverket.

Årsmiddelproduksjonen er beregna til 48,7 GWh med søkers eget forslag til minstevannføring og start-stopp kjøring ved lav vannføring. Kraftstasjonen skal kobles til eksisterende nett via en 22 kV jordkabel som føres ned til koblingsstasjonen på Skei i Jølster, ca. 6 km fra kraftstasjonen.

Høringsinstansene er i hovedsak positive til en utbygging. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane mener en utbygging er akseptabel på visse vilkår. Sogn og Fjordane Turlag går i mot en utbygging etter alternativ A, men de kan akseptere en utbygging etter alternativ B.

De negative virkningene av en utbygging er i hovedsak knyttet opp til naturmiljø og landskap.

Stardalselva vil få sterkt redusert vannføring på berørt strekning som vil gi negative virkninger på livet i elva og langs elvebredden. Der hvor massedeponiet er planlagt er det i dag et område med gammel løvskog. Ved en utbygging vil ca. ¼ av denne skogen bli fjernet, noe som kan påvirke fugle- og viltbestanden i området negativt. Stardalselva går langs en av innfallsportene til Jostedalens nasjonalpark, og ved å fjerne mye av vannet vil dette gi negative virkninger for landskapet og landskapsopplevelsen. Området rundt berørt strekning består av jordbruksarealer og bosteder, en utbygging vil dermed ikke føre til tap av INON-områder.

Ved slipp av minstevannføring og etablering av terskler vil livsgrunnlaget for bunndyrfauna og fisk ivaretas, og negative konsekvenser for vassdragstilknyttet flora, fugl og pattedyr vil avbøtes til en viss grad. Avbøtende tiltak for å ivareta reirlokaliteter i skogområdene rundt berørt strekning vil begrense negative konsekvenser for fuglelivet ellers.

NVE mener at de gjennomførte konsekvensutredningene, mottatte høringsuttalelser og kommentarer til disse, sammen med våre egne vurderinger danner et tilstrekkelig grunnlag for å kunne ta stilling til konsesjonsspørsmålet.

Etter en helhetsvurdering av planene, resultatene fra konsekvensutredningene og de foreliggende uttalelsene, finner NVE at fordelene og nytten ved bygging av Stardalen kraftverk er større enn de antatte skadene og ulempene for allmenne og private interesser. Kraftverket vil, med vårt forslag til minstevannføring produsere ca. 47 GWh i et middelår. En utbygging vil generere skatteinntekter til kommune, fylkeskommune og stat, samt inntekter til utbygger og grunneiere. NVE mener en utbygging av alternativ A1 med kraftstasjon i fjell er det mest skånsomme alternativet og anbefaler at det gis konsesjon etter dette alternativet. De negative konsekvensene vil i hovedsak berøre naturmiljø og landskap. Med de avbøtende tiltak som er foreslått, blant annet slipp av minstevannføring hele året, terskler og biotopjusteringer for å ivareta reirlokaliteter, mener vi at tiltakets forventede negative virkninger er akseptable.

NVE anser at § 25 i vannressursloven er oppfylt, og anbefaler at Stardalen Kraft AS får tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging og drift av Stardalen kraftverk. Vi anbefaler at tillatelsene gis på de vilkårene som følger vedlagt. Vår vurdering legger til grunn gjennomføring av avbøtende tiltak.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Stardalen Kraft AS datert 10.1.2010:

"Stardalen Kraft AS (SUS) søker med dette om å få utnytte deler av fallet i Stardalselva til kraftproduksjon. To alternativer er vurdert i konsesjonssøknaden, og det søkes om konsesjon for en utbygging i henhold til alternativ A1 (kraftstasjon i fjell). Alternativ A2 (kraftstasjon i dagen) omsøkes som et sekundært alternativ. Begge disse alternativene vil utnytte et fall på ca. 63,5 meter, og gi en årlig produksjon på i underkant av 49 GWh.

Alternativ B, med kraftstasjon på Ytre Heggheim, er ikke omsøkt av tekniske, økonomiske og miljømessige årsaker.

Vi viser ellers til konsesjonssøknaden for en nærmere beskrivelse av de ulike alternativene.

Det søkes herved om følgende tillatelser:

- ✓ *Etter lov av 24. november 2000 om vassdrag og grunnvann (Vannressursloven) §§ 8 og 51 til:*
 - *Bygging og drift av Stardalen kraftverk hovedsakelig i samsvar med omsøkte planer, eventuelt med mindre justeringer i den tekniske utførelsen jf. Vannressursloven kap. 3.*
- ✓ *Etter lov av 29. juni 1990 om produksjon, omforming, omsetning og fordeling av energi (Energiloven) om omsetningskonsesjon jf. § 4-1 og anleggskonsesjon jf. § 3-1 til:*
 - *Bygging og drift av Stardalen kraftverk med tilhørende koblingsanlegg.*
 - *Bygging og drift av en 24 kV jordkabel fra kraftstasjonen og frem til planlagt koblingsstasjon på Århaugen sør for Håheim.*
- ✓ *Etter lov av 13. mars 1983 om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven), jf. kap 3, til:*
 - *Utslippstillatelse for gjennomføring av nødvendig anleggsarbeid.*
- ✓ *Etter lov av 23. oktober 1959 om overføring av fast eiendom (Overføringslova) til:*
 - *Ekspropriasjonstillatelse.*
 - *Søknad om forhåndstiltredelse i medhold av § 25.*
 - *Søknad om ekspropriasjonstillatelse og forhåndstiltredelse gjelder primært arealer langs planlagt jordkabeltrase, dersom man ikke kommer til enighet med alle grunneierne i forkant av utbyggingen.*
 - *Det er noe usikkerhet knyttet til fallrettene på Klakegg, og grunneierlaget der har påtatt seg å utrede dette nærmere. Etter avklaring vil eventuelle nye grunneiere inkluderes på lik linje med resterende grunneiere i Stardalen kraft. Skulle en ikke oppnå enighet vil også disse fallrettene søkes ekspropriert. Fallrettene utgjør i størrelsesorden 4 meter på den ene siden av vassdraget."*

Fra søknaden refereres videre (figurer, bilder og vedlegg i søknaden er ikke gjengitt):

"SAMMENDRAG

Utbyggingsplanene

Stardalen Kraft AS har lagt frem en søknad om konsesjon for bygging og drift av et vannkraftverk i Stardalselva. Det søkes primært om konsesjon for en utbygging i henhold til alternativ A1 (kraftstasjon i fjell). Alternativ A2 (kraftstasjon i dagen) omsøkes som et

sekundært alternativ. Begge disse alternativene vil utnytte et fall på ca. 63,5 meter, og gi en årlig produksjon på ca. 49 GWh. Utbyggingskostnaden for alternativ A1 er beregnet til 160,1 mill. kr, noe som gir en utbyggingspris på 3,27 kr/KWh. Alternativ A2 gir en noe høyere utbyggingspris. Alternativ B, med kraftstasjon på Ytre Heggheim, er vurdert men ikke omsøkt av tekniske, økonomiske og miljømessige grunner.

Alternativ A1 og A2 omfatter bygging av inntaksdam på en naturlig fjellterskel på ca. kote 263,0. Gravitasjonsdammen i betong blir ca. 4,5 - 6,5 m høy og 27 m bred. Dammen vil heve vannspeilet til kote 267,5, noe som gir en brutto fallhøyde på 63,5 m. Fra inntaket føres vannet i en sprengt tunnel inn i fjellet med fall 1:6 for raskest mulig å oppnå tilstrekkelig fjelloverdekning. Etter 190 meter flater tunnelen ut og går deretter med et fall på 1:100 kortest mulig vei mot kraftstasjonen (2080 m). Trykktunnelens tverrsnitt blir på 20-25 m². Nøyaktig størrelse vil bli gitt av en teknisk/økonomisk optimalisering i detaljplanfasen. Kraftstasjonen plasseres ca. 60-80 m inne i fjellet (alternativ A2 innebærer kraftstasjon i dagen omtrent på samme sted). Den vil utstyres med to vertikalt stilte Francis-turbiner på til sammen 18 MW, sammen med generatorer, transformator og apparat/kontrollanlegg. Adkomst vil skje gjennom en kort tunnel på ca. 60 m og med fall ca. 1:10. Avløp fra kraftstasjonen vil skje gjennom en 80-100 m lang avløpstunnel som leder vannet ut i en kanal i myra utenfor og deretter videre ut i Stardalselva.

Konsekvenser av utbyggingen

Konsekvensutredningen som er gjennomført viser at med de avbøtende tiltak som utbygger legger opp til, dvs. minstevannføring (2,0 m³/s i perioden 1. mai til 31. september og 0,5 m³/s i perioden 1. oktober til 30. april), bygging av terskler og revegetering av massedeponi og andre berørte områder, vil utbyggingen kunne gjennomføres med akseptable konsekvenser for miljø, naturressurser og samfunn. Tabellen under viser konsekvensgraden for de ulike fagområdene som er vurdert i konsekvensutredningen:

Tema	Alt. A		Alt. B	
	Anleggsfasen	Driftsfasen	Anleggsfasen	Driftsfasen
Landskap	Liten til middels neg. (-/--)	Liten til middels neg. (-/--)	Middels neg. (--)	Liten til middels neg. (-/--)
Kulturminner og kulturmiljø	Liten neg. (-)	Liten neg. (-)	Middels neg. (--)	Liten neg. (-)
Flora og fauna	Liten til middels neg. (-/--)	Liten neg. (-)	Liten neg. (-)	Ubetydelig til liten neg. (0/-)
Fisk og ferskvannsbiologi	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig til liten pos. (0/+)	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig tilliten pos. (0/+)
Vannkvalitet og vannforurensning	Liten neg. (-)	Ubetydelig/ingen (0)	Liten neg. (-)	Ubetydelig/ingen (0)
Støy og luftforurensning	Liten neg. (-)	Ubetydelig/ingen (0)	Middels neg. (--)	Liten neg. (-)
Jord- og skogbruk	Ubetydelig/ingen (0)	Middels pos. (++)	Ubetydelig/ingen (0)	Liten pos. (+)
Ferskvannsressurser	Liten neg. (-)	Ubetydelig/ingen (0)	Liten neg. (-)	Ubetydelig/ingen (0)
Georessurser (mineraler og masseforekomster)	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig/ingen (0)

Næringsliv og sysselsetting	Liten pos. (+)	Liten pos. (+)	Liten pos. (+)	Liten pos. (+)
Tjenestetilbud og kommunal økonomi	Liten pos. (+)	Liten pos. (+)	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig/ingen (0)
Sosiale og helsemessige forhold	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig/ingen (0)	Ubetydelig/ingen (0)
Friluftsliv, jakt og fiske	Liten til middels neg. (-/--)	Middels neg. (--)	Middels neg. (--)	Liten neg. (-)

Avbøtende tiltak

Under er de viktigste avbøtende tiltakene kort omtalt. Utbygger legger opp til at disse tiltakene gjennomføres i tråd med planene, og konsekvensvurderingene (jmf. tabellen ovenfor) tar hensyn til dette.

✓ Minstevannføring

Utbygger legger opp til at det slippes en minstevannføring på 2,0 m³/s i sommerhalvåret (1. mai - 30. september) og 0,5 m³/s i vinterhalvåret (1. oktober - 30. april). I tillegg vil restfeltet bidra med ca. 1,4 m³/s i sommermånedene og 0,4 m³/s i vintermånedene (årsmiddel på 0,82 m³/s). Ned mot kraftstasjonsområdet vil middelvannføringen da bli på ca. 3,4 m³/s i perioden mai - september og 0,9 m³/s i perioden oktober - april. Minstevannføring vurderes som et svært viktig avbøtende tiltak, spesielt i sommerhalvåret, og den foreslåtte minstevannføringen og avrenning fra restfeltet vil bidra til at deler av vassdragets landskapsmessige og biologiske kvaliteter opprettholdes.

✓ Terskler

I tillegg til den foreslåtte minstevannføringen legger Stardalen Kraft AS opp til at det bygges terskler på egnede strekninger. Kombinasjonen av minstevannføring og terskler vil bidra til at mye av dagens vannspeil opprettholdes selv ved lave vintervannføringer.

✓ Terrengtilpasning og landskapspleie

Veger bør utformes slik at man i størst mulig grad unngår fyllinger og skjæringer. Utformingen av massedeponiet må også ta hensyn til topografien i området. Områder som berøres av jordkabelen må i størst mulig grad tilbakeføres til naturlig tilstand. Det øverste jordsmonnet bør tas vare på og lagres inntil tilbakeføring for revegetering. Naturlig revegetering av områder påvirket i anleggsfasen vil redusere arealtap og bidra til å ivareta estetikken i natur- og kulturlandskapet.

Oppfølgende undersøkelser

For de fleste fagområdene vurderes datagrunnlaget som godt, og det er da ikke behov for oppfølgende undersøkelser. Unntakene er for fagområdene kulturminner/kulturmiljø (nærmere undersøkelser av berørte arealer, jf. Kulturminnelovens bestemmelser) samt biologisk mangfold (registrering av hekkende rovfugl i nærområdet i forkant av anleggsarbeidet).

Høring og distriksbehandling

Søknaden har vært kunngjort og sendt på høring i henhold til normale prosedyrer. I løpet av høringsfasen ble det avholdt folkemøte i Jølster kommune 29.4.2010.

Uttalelser til søknaden

NVE har mottatt følgende uttalelser til søknaden (det viktigste innholdet i uttalelsene er referert):

Jølster kommune, kommunestyrets vedtak 15.6.2010:

"Jølster kommune er positiv til tiltaket og tilrår at det vert gjeve konsesjon for bygging av Stardalen Kraft AS.

Jølster kommune ber om at merknader som kjem fram i saksutgreiinga/fråsegna vert vurdert i den vidare handsaminga av søknaden."

Videre refereres det fra kommunens saksbehandling:

"Stardalen kraft AS (SUS) søker om konsesjon for gjennomføring av utbygging av Stardalselva. Utbygginga vil gje ein årleg produksjon på om lag 49GWh, 30% av dette er vinterkraft. Konsesjonssøknad og konsekvensutredning (KU) er utført av Muliticonsult AS og sendt berørte partar 10 Januar 2010.

Det går fram av søknaden at prosjektet, slik det er framsilt er bedriftsøkonomisk lønsamt, og med små konsekvensar for miljøet. Konsekvensutredninga er laga i tråd med KU- program fastsett av NVE.

Utbygging av vassdrag til kraftformål vil få konsekvensar for miljøet i og rundt utbyggingsområdet. Søknaden til SUS og konsekvensutredninga konkluderar med at utbygginga i miljøsamanheng vil vere lite kontroversiell og med liten verknad på miljøet, både under utbyggingsfasen og i driftsfasen.

Jølster kommune har tidlegare i SAK 07/1725 handsama førehandsmelding om utbyggingsplanar for Stardalselva i Jølster kommune, og med dette kome med framlegg til endringar i KU — program. Det vil difor og i denne samanheng vere naturleg å kommentere desse tinga og i denne handsaminga av konsekvensutredning og konsesjonssøknad.

Hydrologiske tilhøve:

Isgang:

Jølster kommune er kjende med at det har vore problem knytt til oppstyving av is innanfor planlagd inntaksdam ved Grepstad. I konsekvensutredninga kommenterast dette under pkt 6 Mulige konsekvensar. Her står det at det skal installerast ei gummiluke med oppstraums skjold som under vekten av is og vatn vil sleppe noko av vatnet forbi, og slik sett drenerast bort frå magasinet. Mengda av vatn vil verte liten, og slik sett ikkje påverke vassregimet nedstraums inntaksdammen negativt. Om ein ser at det er isdammar under oppbygging oppstraums inntaksdam, kan ein redusere den lokale overflaumingar ved å senke reguleringsluka i inntaksdammen og stoppe kraftverket slik at isen kan førast forbi inntaket og vidare ned i vassdraget. Dette vil ikkje verte ulikt normale tilhøve ved tilsvarende situasjon sjølv utan kraftverk og inntaksdam.

Miljø:

Massedeponi:

Jølster kommune uttalte i SAK 07/1725 uttale til forehandsmelding, at tiltakshavar burde

visualisere ulike alternativ når det gjeld deponering av massar ved kraftstasjonsområdet. Det er fleire grunnar til dette, og for det første vil Jølster kommune nemne plasseringa av massedeponiet i høve til trekk og leveområdet for hjort på staden. Det er på det reine at ein stor del av hjorten som trekk inn og ut av Stardalen passerer over dette området, og korridoren for trekk er frå før liten. Det er Stardalen hjortevald som forvaltar hjorten innafør massedeponiet og Klakegg hjortevald som forvaltar den på framsida planlagd deponi. Klakegg hjortevald feller ein stad mellom 15 og 20 dyr på område som kan verte råka av eventuelle endringar i trekkmønster til hjorten. Det er stor grunn til å tru at aktivitet i anleggsperioden vil påverke trekket til hjorten på ein slik måte at han velgjer anna trekkroute enn normalt. Det er gjort mykje arbeid på trekkmønster til hjort i Sogn og Fjordane, så også i Jølster, og ein har gode data på trekktider og trekkklengder. Det er Universitetet i Oslo som er fagansvarleg for merkeprosjektet i Sunnfjord og Ytre Sogn. Og det kjem fram av førebelse resultat frå merka individ at trekkidsmedianen for vårtrekket er 16. mai og det same for hausttrekket er 16. september (Leif Egil Loe pers.medd 2009). Han fortel og at hjorten truleg vil oppfatte anleggsdrift i trekkområdet under trekktida som negativ, og difor endre lokal trekkroute. Det må likevel mykje til for at endeleg destinasjon for trekket vert endra. Effekten av anleggsdrift i trekktida vil difor truleg påverke hjorten på ein slik måte at han endrar val avtrekktrasè lokalt, men at han opprettheld destinasjon for trekket. Effekten av dette kan vidare bli at koller som endrar trekket vil oppretthalde den "nye" trasèen i framtida, men at det på litt sikt vil kunne etablere seg trekk på dei gamle stadene ved at nye dyr kjem inn og ut av området. Dette kan føre til at vi får kryssingar av dyr over E 39 på strekninga mellom Bolset og Våtedalen. Dette vil auka potensialet for vilt påkøyrslar i tider av året sesongtrekka for hjort skjer. Aktuelle tiltak for å hindre dette kan for det første vere styrd anleggsdrift i høve til trekktider for hjort under anleggsfasen. Og for det andre kan ein på aktuell strekning over E 39 skilte "aktivt " under vår og hausttrekk.

Det kjem og fram at det i den gamle lauvskogen i deponiområdet er registrert hvittryggspett og det som truleg er dvergspett. Dette er raudlisteartar og sjølv om dei har lik status er det meir vanleg med hvittryggspett enn med dvergspett i kommunen. Det er og registrert hønehaug og kongeørn i området, men det er ikkje dokumentert hekking av desse to innafør dette område. Desse er sårbare for uroing i hekkeperioden, og slik sett vil det vere naturleg å legge vekt på at eit viktig avbøtande tiltak i høve dette er å i størst mogeleg grad styre anleggsdrifta utanom desse tidene.

Massedeponiet er og ein av dei mest synelege effektane av utbygginga og vil kunne redusere området eigenart som kulturlandskap i alle fall i anleggsperioden og første del av driftsperioden. Vidare kjem det fram at det er i området rundt massedeponiet ein har funne det største potensiale for konflikt med biologisk mangfald og raudlisteartar.

Det vil med bakgrunn i det som står over vere naturleg og tenkje på alternative stadar å deponere massar på. Jølster kommune er kjend med at jordbruksarealet vest for Øyane i delar av året er utsett for overflauming, og at det er problem med vassjuk jord. Dette gjer til at drifta av areala vert vanskeleg i delar av året. Difor kan dette vere eit aktuelt område å plassere massar på. Dette kan gjerast ved å ta vekk matjorda for så å legge massar frå anlegget på område for å heve terrenget med 2-3 meter før ein igjen legg matjorda over. Dette kan vere eit godt tiltak for jordbruksinteressene i område samt å styrke forbygginga lang Stardalselva. Det vil og i mykje mindre grad vere til negativ last for hjortetrekk og biologisk mangfald på staden.

Om omsøkt plassering av massedeponi vert realisert, føreset Jølster kommune at det vert laga viltkorridorar både ovanfor og nedanfor massedeponiet slik at man på sikt vil få tilbake eventuelt negativt påverke trekkruiter. Deponiet bør så raskt det let seg gjere revevegeterast med stadeigen vegetasjon både med omsyn til viltet og at eit massedeponi vil vere eit framandelement i landskapet.

Dersom massedeponiet skal nyttast av andre aktørar som ikkje direkte er knytt opp mot kraftstasjonen krev administrasjonen reguleringsplan for deponeringsområdet på lik linje med andre masseuttak.

Biologisk mangfald elles:

Konsesjonsutredninga konkluderar med at tiltaket vil ha liten til middels negativ verknad på terrestrisk flora og fauna, liten negativ verknad på fiskesamfunn i elva og middels til liten negativ effekt på botndyrsamfunna i elva.

Det er kartlagd 3 lokalt viktige naturtypar innafør influensområdet, med to lokalt viktige førekomstar av gråor- heggeskog og ein med lokalt viktig førekomst av gammal lauvskog. Innafor desse områda vil det vere naturleg å tru at det og er reproduserande bestandar av ulike typar flaggermus. Jølster kommune vil og nemne at det i område for massedeponi og kraftstasjon ligg eit bestand av gamal furuskog. Dette er siste rest av slik skog innafør Skei sentrum, og eit av få slik bestand i heile kommunen. I tillegg til å vere eit landskapselement av tyding er det og eit viktig biotop for mange artar. Jølster kommune vil difor oppmode om at dette område vert skåna for unødige inngrep, og at dette vert teke omsyn til i vidare planlegging.

Fisk og botndyr:

Stardalselva var frå gammalt av ei relativt god fiskeelv. Dette sett i lys av at ho er sterkt brepåverka og slike elvar vil naturleg vere relativt næringsfattige og med låg produksjon av biomasse. Årsaka til at ho frå gammalt av var ei god fiske elva med god kvalitet på fisken var truleg at ho før, forbygging- og reguleringane gjekk igjennom fleire naturlege løkjer og smågrover i Klakeggsflatene og difor produserte meir biomasse enn ei anna brepåverka elv.

I konsekvensutredninga kjem det fram at fiskeundersøkingane er gjennomført av Harald Sægrov i Rådgivande Biologar AS. Her ser ein at det i dag er låg tettleik av stasjonær aure i elva og at han stagnerar i vekst ved ei lengd på 20 - 25 cm. Konklusjonen i denne delen av utredninga fortel at produksjonen av fisk truleg vil verte dubla i høve til noverande situasjon.

Dette med bakgrunn i at tilhøva for produksjon av fisk vil verte betre med tanke på lågare hastigheit på vatnet og at det med føreslege minstevassføring på 2m³/s ikkje vil verte dårlegare gytetilhøve enn det er no. I høve til fiskeproduksjon vil ikkje bygging av tersklar vere viktig, men det er andre element som understrekar viktigheita av dette.

Når det gjeld fjørmygg og andre botndyr kjem det fram at desse heller ikkje vert råka negativt av reguleringa. Jølster kommune deler Rådgivande Biologar sitt syn på at ein truleg ikkje vil finne andre artar av fjørmygg enn det som normalt førekjem i brepåverka elvar på Vestlandet.

Overføringsline:

I KU legges det tilgrunn at kraftstasjonen skal kopplast til eksisterande nett ved hjelp av ein 2800 meter lang jordkabel til Sunnfjord Energi sin planlagde koplingsstasjon ved Årehaugen ved Håheim. Jølster kommune bad i SAK 07/1725 om at det i samband med

utbyggingsprosjektet vart prosjektert ei line som skulle kunne frakte all straum ut av område for ein lengre periode. Det som er ulikt i førehandsmeldinga til SUS og konsesjonssøknaden er at det i staden for ei luftspend line skal gravast ned ein jordkabel. Denne skal etter søknaden gå over jordbruksareal på Klakeggsflatene før han dreier sørover langs E 39 i ein avstand på 60 — 120 meter og går etter dette vestover mot koplingsstasjon på Årehaugen. Det betyr at ein nå får to parallelle liner ut av Stardalen.

Ein jordkabel vil sjølv om han ikkje er syneleg, bandlegge framtidig nytte av mykje areal. Jølster kommune held fast på at det er særskild uheldig med parallellføring av to liner ut av område og at det i staden for planlagd jordkabel, vert lagt opp til ei line som kan føre all straum ut av dalen for ein lengre periode.

Geologiske forhold -Skredfare

Jølster Kommune gjorde i sine merknader til KU programmet I SAK 07/1725 uttale til førehandsmeldinga merksam på at tenkt lokaliseringa til kraftstasjonen ligg i sone for potensiell skredfare etter aktsemdkartet til NGU for stein og snøskred. Det vart sett på som naturleg å krevje geologisk skredvurdering for kraftstasjonen, samt vurdere ulike skred førebyggjande tiltak. I utført KU for Stardalen Kraft vises det til at NGU sitt aktsemdkart er for lite detaljert / nyansert til at den har verdi som slutnings grunnlag for prosjektet. Vurderingane er derfor basert på eigne observasjonar under synfaring og tilbakemelding frå grunneigarar.

Administrasjonen i Jølster Kommune krev geologisk skredvurdering utført av godkjent geolog og synast ikkje gjennomførte vurderingar og løysningar er godt nok forankra fagmessig. Ein geolog bør også sei noko om eventuell førebygging og lokalisering av denne.

Landskap, friluftsliv og reiseliv:

Stardalen er eit viktig naturområde med store naturkvalitetar og eit landskap som er lite synleg påverka av andre menneskelege aktivitetar enn landbruksdrift og skogbruk. Jølster kommune vurderar potensiale for opplevingsbasert naturturisme som stort. Det er difor viktig at området eigenart så langt det let seg gjer vert ivareteke. Det nokre faktorar i anleggs — og driftsfasen som gjer til at desse kvalitetane kan verte redusert. Vasspegelen i påverka del av Stardalselva vil vere av avgjerande tyding for korleis elva vert oppfatta som landskapselement. I KU kjem det fram at det skal byggas tersklar for å sikre vasspegelen, og i vedlagde kart ser det ut som om dette er planlagd på strekningar der vegen tangerar elva. I tillegg til minstevassføring er dette eit godt tiltak for å sikre elva som landskapselement.

Det kan likevel sjå ut som om berre ein terskel nedstraums kraftverket er for lite og Jølster kommune ber om at trongen for fleire tersklar i dette området vert greidd ut nærare.

Massetransport:

I SAK 07/1725 uttale til førehandsmeldinga, bad Jølster kommune om at det vart gjort greie for kva effekt ei regulering ville få på dette. Stardalselva er ei elv som transporterar mykje masser og det har vore nytta som næringsgrunnlag for fleire bruk i påverka del av elva. Det er år om anna teke ut fleire tusen m³ elvegrus til dette formålet. Ein kan lese i KU at det skal lagast eit sedimenteringsbasseng ved dammen for å fange opp lausmassar som kjem med elva. Sedimenta skal spylast ut ein gong i året jamfør det som står i KU.

Det er naturleg å tru at det vil skje sedimentering av massar i områda ved tersklane sidan hastigheita på vatnet vert redusert. Det vil vere av tyding for eventuelt berørte partar at effekten av denne utspylinga og val av type tersklar vert utgreidd."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, sier i sin uttalelse av 9.7.2010:

"Fylkesmannen vurderer at bygging av Stardalen kraftverk er akseptabel med visse vilkår og avklaringar, jf. dei ulike fagvurderingane i dette skrivet.

Bakgrunn

Stardalen Kraft AS søker om å få byggje kraftverk med vassuttak i Stardalselva i Jølster kommune. Det er tre utbyggingsalternativ; alt. A1, alt. A2 og alt. B. Det vert primært søkt om konsesjon for ei utbygging etter alternativ A1 (kraftstasjon i fjell). Alternativ A2 (kraftstasjon i dagen) vert søkt om som eit sekundært alternativ. Begge desse alternativa vil utnytte eit fall på ca. 63,5 m, og gi ein årleg produksjon på ca. 49 GWh. Alternativ B, med kraftstasjon på Ytre Heggheim, er vurdert men ikkje omsøkt.

Alternativ A1 og A2 omfattar bygging av inntaksdam på ca. kote 263,0. Frå inntaket vert vatnet ført i sprengt tunnel i fjell. Kraftstasjonen blir plassert ca. 60-80 m inne i fjellet (alternativ A2 inneberer kraftstasjon i dagen omtrent på same stad). Avløp frå kraftstasjonen vil skje gjennom ein 80-100 m lang avløpstunnel ut i Stardalselva.

For alternativ B vil inntakskonstruksjonen bli identisk med hovudalternativet, medan kraftstasjon og utløp vil komme på kote 223. Alt. B inneber kraftstasjon i dagen pga. lausmasseforekomstar nede ved elva. Årleg kraftproduksjon er berekna til ca. 31 GWh. Det er foreslått følgjande avbøtande tiltak; landskapspleie med revegetering, bygging av tersklar og slepp av minstevassføring (2,0 m³/s om sommaren og 0,5 m³/s om vinteren).

MILJØVERNFAGLEGE VURDERINGAR

Fylkesmannen skal vurdere denne saka i høve til allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø (m.a. landskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie naturområde, fisk) og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer Fylkesmannen søknaden i høve til lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova skal leggst til grunn ved handsaming og vurderingar/avgjerder etter særlovene.

Naturmiljø og biologisk mangfald

Når det gjelder vassstilknytta artar av fugl er både fossekall og strandsnipe registrert hekkande langs den aktuelle elvestrekninga. Spesielt strandsnipe førekjem svært talrik. Rapporten konkluderer med at foreslått minstevassføringa i sommarhalvåret er tilstrekkeleg for å oppretthalde næringstilgangen og hekkemoglegheitene for både fossekall og strandsnipe langs den påverka elvestrekninga. Som avbøtande tiltak for fossekall bør det vurderast å setje opp reirkasser. Desse kan plasserast i tilknytning til bekkeklofter og bergveggar, helst med overheng, og under bruer. Mindre vassføring og lågare vasshastigheit vil kunne føre til at elva fryser lettare til, noko som vil kunne påverke næringssøk for fossekallen om vinteren. Auka minstevassføring om vinteren, til 5-persentil vintervassføring (1,0 m³/s), vil avbøte noko på dette.

Av oppfølgjande undersøkingar er det foreslått å få undersøkt om kongeørn og hønehaug hekkar i nærområdet til kraftstasjon/massetipp. Fylkesmannen er samd i at området må sjekkast ut for eventuelle reirlokaltetar for desse artane før ei ev. utbygging finn stad. Dette arbeidet må gjerast av kyndige fagfolk slik at fuglane ikkje vert uroa på hekkeplassen. Anleggsaktiviteten må skje utanom hekkeperioden 1. februar – 30. juni.

Det er ikkje registrert raudlista artar av karplantar, mosar eller lav innanfor influensområdet.

Samla er ei utbygginga etter alternativ B i søknaden vurdert som noko mindre konfliktfylt enn alternativ A. Dette ut i frå at alternativ B ikkje eller i liten grad vil påverke dei registrerte naturtypene av lokal verdi (C), at ei kortare elvestrekning får redusert vassføring (mindre påverknad på vassdragstilknytte artar av fugl), samt at raudlista artar som kongeørn, kvitryggspett, dvergspett og ev. hønehauk ikkje vert påverka av tiltaket.

Alternativ A påverkar ei elvestrekning på ca. 3,5 km, medan alternativ B påverkar ei strekning på ca. 1,1 km. Ut i frå dette vurderer Fylkesmannen alternativ B som langt mindre konfliktfylt enn alternativ A, når det gjeld naturmiljø og biologisk mangfald.

I konsekvensutgreiingsprogrammet for Stardalen kraftverk vart utbyggjar pålagd å utgreie eit alternativ der kraftstasjonen vart flytta lenger opp (alternativ B). I søknaden er dette alternativet ikkje utgreidd skikkeleg. Dei tekniske og økonomiske sidene av dette alternativet manglar, og det vert såleis vanskeleg å samanlikne alternativ B opp mot dei to A-alternativa. Fylkesmannen er samd med Sogn og Fjordane Turlag som ber NVE krevje at dei tekniske og økonomiske sidene ved utbyggingsalternativ B vert utgreidd skikkeleg.

Konsekvensutgreiinga som er utarbeidd har som føresetnad at kraftverket vert kjørt på den vassføringa som til ei kvar tid er i elva, og tar ikkje omsyn til eventuell start-stopp køyring ved låge vassføringar. På lengre elvestrekninga nedstrøms utløp frå kraftstasjonen renn Stardalselva relativt flatt med store sand- og grusbankar. Når vasstanden går ned raskt vil delar av elvebotn bli tørrlagd, noko som kan medføre stranding av fisk og botndyr.

SINTEF Energiforskning har saman med NTNU, NINA, NIVA, LFI og fleire universitet og høgskular i inn- og utland studert verknaden av korleis raske endringar i vassføring påverkar økosystemet (<http://www.energy.sintef.no/produkt/effekt/>). Førebelse konklusjonar frå dette arbeidet viser at hyppige endringar i vassføring i stor grad medfører stranding av fisk og at botndyrsamfunnet blir sterkt svekka.

I søknaden står det at med ei 0,5 m regulering av "overvannet" i samband med start-stopp køyring (heving av vasstand frå kote 267 til kote 267,5), vil elva demme ca. 1200 meter oppover. Ei slik hurtig opp og ned køyring av vasstanden, med ei utstrekning oppstrøms frå 390 m ved kote 267 til 1200 m ved kote 267,5, vil ha svært negativ verknad for landskap, fisk og annan ferskvassbiologi knytt til inntaksdammen.

Gevinsten ved ei start-stopp køyring er 1,4 GWh ved ei slukeevne på 31,6 m³/s. Fylkesmannen meiner at denne marginale gevinsten ved ei start-stopp køyring ikkje forsvarar dei negative verknadane for fisk og ferskvassbiologi, fuglefauna (fossekall) og landskap. Auka minstevassføring kan avbøte noko på dei negative effektane av ei startstopp køyring nedstrøms kraftverket.

Landskap og friluftsliv

Den største negative verknaden for landskapet vert redusert vassføring. Slukeevna er satt til 2,5 gonger middelvassføringa og utbygginga legg opp til ei minstevassføring på 2,0 m³/s i sommarhalvåret og 0,5 m³/s i vinterhalvåret. I tillegg vil restfeltet bidra med 0,82 m³/s. Med

eit så stort vassuttak vil utbygginga medføre ei stabilt låg vassføring heile året, og dei store variasjonane som pregar vassdraget i dag blir vesentleg mindre. I tørre år vil elva stort sett ha berre minstevassføringa tilbake mellom inntak og kraftstasjon.

I indre del av Stardalen er breen eit viktig blikkfang og eit element som bidreg til å skape eit landskap av nasjonal og internasjonal verdi. Området har også nasjonal og internasjonal verdi som friluftsområde, knytt til Jostedalsbreen nasjonalpark. Innfallsporten til dette området går via fylkesveg 435 og det planlagt utbygde området. Sett frå vegen er elva berre synleg på delar av den planlagt utbygde strekninga. Vi meiner likevel at elva og opplevinga av denne er viktig for landskapet og opplevinga av området.

Ved ei så høg utnytting, som planane legg opp til, vert oppleving av elva og landskapsbiletet endra. Ein reduksjon i vassføringa om sommaren vil redusere opplevinga betydeleg for tilreisande og ålmenta elles. Fylkesmannen meiner at minstevassføringa som er foreslått, ut i frå vedlagte fotodokumentasjon, er for låg til å ivareta elva som viktig landskapselement. Etter vår vurdering bør det sleppast ei minstevassføring minst tilsvarende 5-persentil vassføring om sommaren, då elva normalt er på sitt største og utgjør eit viktig trekk i landskapsbiletet. Minstevassføringa vil saman med overløp også sikre det levande miljøet på utbyggingsstrekninga.

Massedeponi for alternativ A med anslagsvis 120 000 m³ tunnelmasse er planlagt innunder fjellet øst for Klakegg. Massedeponiet vil bli dekket med jord og revegetert. Plasseringa synast godt eigna. Massedeponi for alt. B vert ca 45 000 m³. Plasseringa er ikkje vist på kart, men er tenkt plassert på ein eigna stad på Ytre Heggheim. Dersom god lokalisering for massedeponi er vanskeleg å finne i dette området, slik det er antyda i søknaden, meiner vi at det bør vurderast å køyre vekk massane til ein betre eigna lokalitet. Vi føreset elles at kommunen og landskapsfagleg kompetanse vert involvert i arbeidet med massedeponering.

I friluftssamanheng er det først og fremst raftingaktiviteten som vert påverka av ei utbygging (alt. A). Det vert i utgreiinga konkludert med at heile den berørte elvestrekninga vil få ei så låg vassføring at den ikkje lenger kan nyttast til dette føremålet. Alternativ B vil ikkje påverke raftinga.

Samla vurderer Fylkesmannen alternativ B som mindre konfliktfylt enn alternativ A, i høve til landskap og friluftsliv.

Fisk, fiske og ferskvassbiologi

Stardalselva har ein tynn bestand av stasjonær aure. I konsekvensutgreiingsrapporten vert det konkludert at den viktigaste årsaka til den dårlege produktiviteten skuldast dårleg sikt i Stardalselva (høg turbiditet). Det vert anslått at fiskebiomassen ut i frå vassføring berre er om lag 25 % samanlikna mot ei klar elv. Bygging av tersklar vert vurdert som eit positivt avbøtande tiltak.

Når det gjeld botndyrfaunaen vert det konkludert med at det er lite truleg at det førekjem artar av fjørmygg i Stardalselva som ikkje også finnast i andre brepåverka elver/elveavsnitt i denne regionen.

Vi ber om at standard vilkår for naturforvaltning vert med i konsesjonsvilkåra for Stardalen

kraftverk.

Ureining, vasskvalitet og støy

Massedeponering og vegbygging, både mellombels og permanent, må skje på ein slik måte at det ikkje er avrenning frå anleggs- eller deponiområde til elva eller at massane på andre måtar hamnar i elva. Vi føreset elles at det i ein ev. anleggsfase ikkje vert tilført miljøet giftige stoff eller deponert avfall. Anleggsdrift må vurderast i høve til ureiningslova og vi reknar med at dette vert avklara med Fylkesmannen når ev. konsesjon etter vassressurslova ligg føre.

Ved ev. val av alternativ B med kraftstasjon i dagen ved Ytre Heggheim kjem busetnaden nærme kraftstasjonen og ekstra tiltak mot støy må vurderast. Vi føreset at støynivået i samband med anleggsfase og drift held seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442, "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging".

Vi ber om at standard vilkår for ureining vert teke med i ein ev. konsesjon for Stardalen kraftverk, jf. delegering av 05.05.1993 frå Klima- og forurensningsdirektoratet til Fylkesmannen.

LANDBRUKSFAGLEGE VURDERINGAR

Foreslått minstevassføring vil truleg hindre at det oppstår problem med redusert gjerdeeffekt, men dette må truleg vurderast nærmare etter at ei eventuell utbygging er slutført. Tiltaket vil ikkje, slik vi ser det, føre til nemnande ulemper i høve til jord- og skogbruk, korkje i anleggs- eller driftsfasen. Vi forventar også at tiltaket vil styrke næringsgrunnlaget for dei landbrukseigedomane som deltek i prosjektet, noko som kan medverke til å oppretthalde både landbruk og busetjing i området på lengre sikt.

BEREDSKAPSFAGLEGE VURDERINGAR

Trygg og stabil forsyning av elektrisk kraft er eit viktig samfunnstryggleikstiltak. Sjølv om Stardalen kraftverk ikkje vil verte eit stort kraftverk, vil produksjonen likevel gi eit positivt bidrag til den nasjonale kraftforsyningsbalansen. Det føreset at det skjer ei utbygging av nettkapasiteten lokalt og regionalt, slik at det er mogleg å nytte seg av produksjonen.

Utbygginga vil skje i eit område som er potensielt utsett for skredfare. Det går fram av søknaden at det m.a. skal etablerast ein skredvoll for å verne anleggsområdet mot stein- og snøskred. Det er viktig at det ved planlegginga av alle mellombelse og permanente installasjonar og anlegg (vegar, linjer m.v.) vert gjort analysar av skredfare, for å redusere sårbarheita mest mogleg.

Vi legg til grunn at det i planlegginga av inntaksdammen vert gjort grundige analysar av risiko og sårbarheit – både med omsyn til kva påkjenningar dammen kan verte utsett for, og av den potensielle risikoen den i seg sjølv vil representere.

FYLKESMANNEN SI SAMLA VURDERING OG TILRÅDING

Stardalen kraftverk er eit stort kraftverk, men ikkje av dei mest konfliktfylte når det gjeld naturmiljø. Vi har som utgangspunkt at vasskraftutbygginga kan akseptierast med visse føresetnader og vilkår.

Vi vurderer alternativ B som langt mindre konfliktfylt enn alternativ A, når det gjeld naturmiljø, biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. Alternativ B er ikke utgreidd slik det vart kravd i utgreiingsprogrammet. Fylkesmannen ber NVE krevje at dei tekniske og økonomiske sidene ved utbyggingsalternativ B vert utgreidd før ei eventuell utbygging vert endeleg godkjent.

Fylkesmannen vurderer at det må sleppast ei minstevassføring tilsvarande 5-persentil sommar og vintervassføring for å ivareta verdiane knytt til biologisk mangfald og landskap.

Den økonomiske gevinsten ved ei start-stopp køyring kan ikkje forsvare dei negative verknadane for fisk og ferskvassbiologi, fuglefauna (fossekall) og landskap. Vi vil sterkt frårå ei manøvrering med start-stopp køyring.

Fylkesmannen vurderer at bygging av Stardalen kraftverk er akseptabel med visse vilkår og avklaringar.

Vi ber om at følgjande vilkår vert tatt med i ein eventuell konsesjon:

- det må sleppast ei minstevassføring tilsvarande 5-persentil vassføring sommar og vinter*
- manøvrering utan start-stopp køyring*
- standard vilkår for ureining*
- standard vilkår for naturforvaltning*
- anleggsaktiviteten må skje utanom hekkeperioden 1. februar – 30. juni.*
- kantvegetasjonen langs vassdraget må takast vare på”*

Sogn og Fjordane fylkeskommune uttaler i brev av 30.6.2010:

”Fylkesutvalet handterte denne saka 30.06.2010 som sak 77/10 og det vart gjort slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at det vert gitt løyve til bygging av Stardalen kraftverk i tråd med alternativ A1 (kraftstasjon i fjell) fordi fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser.

Fylkeskommunen vurderer det som tilfredstillande med ei minstevassføring som omsøkt på 2,0 m³/sek om sommaren og 0,5 m³/sek om vinteren, saman med bygging av tersklar som føreslått.”

Videre i uttalelsen er Fylkesrådmannen sin vurdering:

”Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på ca. 49 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Aktuelle ulemper vil vere knytt til skade og inngrep for landskap, friluftsliv og kulturlandskap i samband med byggetiltak som inntaksdam med filhøyrande utvida vassflate oppover elva, tersklar i elva, anleggsveg og permanent veg til inntak, permanent veg og bru til kraftstasjon i fjell med utløpskanal eller til kraftstasjon i dagen, utlegging av massedeponi delvis som rasvoll, legging av jordkabel, til redusert og mindre variert vassføring i Stardalselva mellom inntak og kraftstasjon og til markerte variasjonar i vassføring nedstrøms kraftstasjonen på grunn av start-stopp køyring av kraftverket.

Automatisk freda kulturminne

Som gjort greie for i konsesjonssøknaden er tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, ikkje gjennomført. Det er såleis ikkje klart i kva grad kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark og tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i god tid før registreringa skal gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til oppfølgjande arbeid, event. etterfølgjande utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

Kulturminne frå nyare tid

I fall det blir gjeve konsesjon, må det leggjast vekt på avbøtande tiltak i forhold til nyare tids kulturminne og til kulturlandskapet. Det må gjerast justeringar for å unngå å komme i kontakt med nyare tids kulturminne (steingard og uteløe). Minstevassføringa må aukast for å redusere negativ påverknad på vassdragsrelaterte kulturminne frå nyare tid, kulturlandskap og landskap. Det må byggast tersklar som i kombinasjon med auka minstevassføring gjer at dagens vassspegel kan oppretthaldast sjølv med låg vassføring. Det må i stor grad nyttast naturleg revegetering.

I samband med utbygginga, er det planlagt permanente vegar, bru og massedeponi. Samla utgjer dette relativt store inngrep i kulturlandskapet. Sjølv om ein del av tiltaka er naturleg skjerna i forhold til andre vegar og bustadområde, må det likevel leggjast stor vekt på avbøtande tiltak for å få ei god tilpassing til terrenget og dempe dei negative verknadane av inngrepa. Dette forholdet vert spesielt viktig for området rundt kraftstasjonen og med tanke på innsynet frå riksvegen.

Friluftsliv, fiskeinteresser.

I utkast til Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging av april 2010, er nedre delen av Stardalen markert som regionalt viktig friluftsområde. I forslag til fylkeskommunal retningslinje for regionalt viktige friluftsområde er det i planutkastet sagt slik under avsnitt om friluftsliv, punkt 21: Regionale friluftsområde som har få eller ingen menneskelege inngrep skal ha 2. prioritet. Fylkesrådmannen vurderer Stardalselva og området langs med til å ikkje vere i denne kategorien på grunn av at dette er eit landbruksområde med tilhøyrande vegar, bygningar og andre fysisk inngrep.

Fylkesrådmannen er merksam på at aktivitet som rafting og padling i elva ikkje kan oppretthaldast på utbyggingsstrekninga på grunn av redusert vassføring. Her vil fylkesrådmannen trekke fram at Stardalselva ovanfor Flatjord også er brukt til denne aktiviteten, medan det er Jølstra nedstrøms Vassenden som vert rekna som den best eigna elvestrekninga i dette området.

Planlagt start-stopp køyring av kraftverket vil påvirke elva nedanfor kraftstasjonen med større variasjonar i vassføring. Dette vil kunne virke negativt for fiskeinteressene på strekninga nedstrøms kraftstasjon. Dette er uheldig fordi det er nettopp her, i øvre deler av Votedalen, det tradisjonelt har vore mest frifidsfiske. Området mellom inntaket og kraftstasjonen har ikkje vore med i fiskekortordning. I høve til friluftsliv/fiske vil start- stopp køyring difor virke negativt og for desse interessene er det truleg viktigare å få sløyfa start-stopp køyringa enn å få auka minstevassføringa.

Samla vurdering

Fylkesrådmannen er samd i vurderingane som er gjort mellom hovudalternativet (A) med kraftverk ved Klakeggflatene kontra alternativ B med kraftverk ved Heggheim og i vurderingane knytt til val av alternativet med kraftverk i fjell (A1).

Fylkesrådmannen vurderer vatn og vassdrag til å vere svært viktige element i landskapsrommet Stardalen og ønskjer at dette skal vere typisk for området også etter ein kraftutbygging. I søknaden er det teke omsyn til elva som landskapselement ved å legge store deler av dei fysiske anlegga i fjell og ved å foreslå slepping av minstevassføring og bygging av tersklar i elva sine flate parti.

Fylkesrådmannen er merksam på at slepping av meir vatn i elva frå inntaket betyr lågare produksjon og dermed dårlegare økonomi i prosjektet, men ønskjer likevel at vassleppinga frå inntaket vert auka noko i retning av femte lågaste vassføring om sommaren, gjerne i storleik 3-4 m³/sek. I tillegg er det ein viktig føresetnad at det vert arbeidd vidare med planar for bygging av tersklar for å oppretthalde ei så normal vassflate som mogeleg, sjølv med redusert vassføring.

Planlagt start-stopp køyring av kraftverket vil påvirke elva nedanfor kraftstasjonen med større variasjonar i vassføring. Dette vil kunne virke negativt for fiskeinteressene på strekninga nedstrøms kraftstasjonen.

7. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at det vert gitt løyve til bygging av Stardalen kraftverk i tråd med alternativ A1 (kraftstasjon i fjell) fordi fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser. Det må likevel vurderast om ulempene ved utbygginga kan reduserast ytterlegare, i høve til landskap ved å auke minstevassføringa om sommaren til eit nivå nærare femte lågaste vassføring, t.d. til 3-4 m³/sek og i høve til friluftsliv/fiskeinteresser ved å sløyfe start-stopp køyring.”

Riksantikvaren uttaler i brev av 6.4.2010:

”Riksantikvaren viser til brevet dykkar av 18. mars 2010 og konsesjonssøknad for ovannemde tiltak.

Riksantikvaren vil ikkje gje høyringsfråsegn i denne saka. Fråsegn frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ivareta merknader frå kulturminneforvaltninga.”

Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum uttaler i brev av 31.3.2010:

”Vi viser til brev oversendt fra NVE datert 18.03. 2010.

Saken har vært til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikke til kulturminner langs vassdraget i Stardalen i Jølster kommune som kan bli direkte berørt av det omsøkte tiltaket. Vi har heller ingen indikasjoner på at det er et potensial for marine kulturminner i dette området. Kraftverk og rørgater m.m. er landbaserte konstruksjoner, men med en konsekvens ved en eventuell neddemming at kulturminner på land vil bli til marine kulturminner. Bergens Sjøfartsmuseum har flere eksempler på dette i sitt forvaltningsområde.

Vi kan se flere mulige konsekvenser av en slik utbygging. Noen kulturminner står i et eventuelt berørt elveløp. Særlig er gamle sager og kverner utsatt ved eventuell utbygging. Vi regner med at dette undersøkes og ivaretas av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dersom ikke, bør dette registreres før eventuell konsesjon gis. Det andre er kulturminner knyttet til bruken av enten sag/kvern, og er en del av det maritime kulturlandskapet, som altså betyr landskap med spor av menneskets bruk av sjøen. Ofte kan en observere båtstøer eller eldre fortøyningsgods i fjæra ved sager eller kverner. Ved noen elver er det også synlige installasjoner knyttet til elva som transportvei. Det er lite trolig i dette tilfelle, da utbygging ikke omfatter arealer i sjø eller vann, men kun langs elva. Bergens Sjøfartsmuseum har ingen opplysninger om at opp- eller nedregulering vil berøre kulturminner i de ovenforliggende områdene i Stardalen. Det er særlig viktig for eventuelle neddemmete kulturminner at vannstanden ikke reguleres under minste tillatte nivå. Museet har ingen innvendinger mot den foreslåtte utbyggingen, men anmoder om at de nevnte kulturminneinteressene undersøkes."

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard uttaler i brev av 30.4.2010:

"Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard (Direktoratet, tidligere Bergvesenet) viser til oversendelse, mottatt her 24.03.2010 samt til uttak frå NVEs nettside.

Vi har gått gjennom søknaden og kan ikke se at noen deler av den påtenkte utbyggingen kommer i konflikt med kjente mineralforekomster. Direktoratet for mineralforvaltning har derfor ingen kommentarer til det foreslåtte prosjektet."

Mattilsynet, Distriktskontoret for Sunnfjord og ytre Sogn uttaler i brev av 14.5.2010:

"Vi har ikkje vore på synfaring i området og byggjer uttalen på søknad med konsekvensutgreiing/fagrappport hydrologi. Planlagt utbygging omfattar bygging av betongdam og inntak mellom Indre Heggheim og Flatjord. Frå inntaket skal vatnet førast i ein sprengt tunnel i fjellet til kraftstasjonen. Denne vil anten ligge i fjell nord for Langeskorhaugen (omsøkt alternativ) eller alternativt i dagen i same området (sekundært alternativ). For å redusere effekten av tiltaket, legg utbyggjar opp til ei minstevassføring på 2,0 m³/s i sommarhalvåret og 0,5 m³/s i vinterhalvåret samt bygging av tersklar på dei strekningane i elva der dette er mogleg.

Moglege konsekvensar for drikkevassforsyninga i området:

Det er i dei mektige lausmasseavsetnadane langs Stardalselva at ein finn grunnvassførekomstar av ein viss storleik. Dei største førekomstane finst i området Fonn-Flatjord og ved Klakegg. Der finst også nokre mindre lausmasseførekomstar langs elvestrekninga mellom planlagt inntak og utløp for kraftverket. Her er det naturleg å anta at elva matar lausmassane i periodar med stor vassføring, mens det i periodar med låg vassføring er elva som får tilført grunnvatn frå lausmasseavsetnadane. Ei utbygging i Stardalselva vil kunne medføre ei lokal senking av grunnvasstanden i enkelte områder, primært på strekninga frå Ytre Heggheim og ned til kraftstasjonsområdet. Men grunnvasstand avheng primært av vasstand og i mindre grad av vassføring. Om vasstand/vassdekt areal vert oppretthaldt ved hjelp av tersklar, vil den reduserte vassføringa i mindre grad påverke grunnvassforholda langs elva. Ein kombinasjon av

minstevassføring og tersklar vil dermed kunne ha ein avbøtande effekt på grunnvassførekomstane mellom inntak og utløp for kraftverket.

Ifølgje NGU sin database over grunnvasskjelder er det registrert eit fåtal grunnvassbrønner i området Haugen – Høyset – Åmot (i øvre del av Stardalen) samt på strekninga Klakegg – Skei, men ingen av dei ligg i nærleiken av den aktuelle elvestrekninga.

Ferskvassressursane i Stardalselva vert pr. i dag verken nytta til drikkevatt eller irrigasjon. Ein hytteeigar i området har pumpe og inntak i hovudelva, men vatnet vert berre nytta til sanitære føremål og liknande. Restvassføringa vil sikre tilgang til vatn for denne hytteeigaren etter ei eventuell utbygging. Elles er der ingen interesser knytt opp mot bruk av ferskvatn frå hovudelva. Tre bustadhus og to fritidsbustader på strekninga mellom det planlagde inntaket og kraftstasjonsområdet har eiga vassforsyning i form av overflatevatn frå sidebekkar eller lausmassebrønn. Dei tre husa tek vatn frå bekkar som passerer over den planlagde tunnelen. Det kan ikkje utelukkast at tunnelen vil kunne føre til innlekkasje og dermed redusert vassføring i desse bekkane, men problemstillinga er aktuell først og fremst under anleggsfasen, sidan tunnelen i driftsfasen vil vere vassfylt.

Hytteeigaren hentar vatn frå ein sidebekk som ligg langt frå tunnelen, og det er lite truleg at vassføringa her vert påverka av ei utbygging.

Ein annan hytteeigar har ein lausmassebrønn i ei myr om lag 100 m frå elva, men ut ifrå dei topografiske forholda er det lite truleg at Stardalselva matar denne myra med grunnvatn. I staden er det sannsynleg at det føreligg eit grunnvassig frå lia ovanfor, og at det er dette som opprettheld høg grunnvasstand i denne myra. Det er difor lite truleg at denne lausmassebrønnen vil bli påverka av redusert vassføring i Stardalselva.

Konklusjon:

Ut i frå tilgjengeleg sakstilfang, kan vi ikkje sjå at den planlagde utbygginga av Stardalselva vil kunne få vesentleg negativ innverknad på eksisterande eller framtidig forsyning av drikkevatt i området.”

Statens vegvesen region vest uttaler i brev av 17.6.2010:

”Vi syner til mottoken høyringsmelding datert 18.03.2010.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til høyringa, men vil kome med nokre generelle opplysingar som utbyggjar må vere merksam på ved gjennomføring av utbygginga.

Dersom det i samband med anleggsarbeidet er trong for tilkomst frå fylkesvegen må det søkjast Statens vegvesen om løyve til bruk av eksisterande avkøyringar eller om løyve til nye mellombels eller permanente avkøyringar. Er det trong for kryssing av offentleg veg med røyrleidningar eller kablar, må det og søkjast til Statens vegvesen om dette.

Vi minner om at byggjegransa ved fylkesvegen er 15 meter til senter veg, og at tiltak innanfor denne grensa må det søkjast dispensasjon for.

Ut over dette har vi ikkje merknader til søknaden.”

Statnett SF uttaler i brev av 18.6.2010:

"Vi viser til brev fra NVE datert 18.3.2010 vedrørende konsesjonssøknad fra Stardalen Kraft AS om å få bygge Stardalen kraftverk i Jølster kommune i Sogn og Fjordane.

Statnetts høringsuttalelse fokuserer på sentralnettet i området.

Dagens sentralnett i området består av en 132 kV forbindelse mellom Ørskog og Moskog, to 132 kV forbindelser mellom Moskog og Fardal. Mellom Fardal og Aurland er det en 300 kV ledning.

Det eksisterende 132 kV nettet i området har svært begrenset kapasitet til å ta imot ny kraftproduksjon. Allerede i dag spesialreguleres det relativt mye ved overskudd i området. Det er planer om et betydelig omfang ny kraftproduksjon i området, både vannkraft/småkraft og vindkraft. Noe småkraft/vannkraft er allerede under bygging og noe ny kraftproduksjon har fått konsesjon. Ytterligere ny kraftproduksjon i området ut over dette, vil med eksisterende sentralnett kunne medføre perioder med betydelige flaskehalser. Dette vil kunne gi systemdriftsmessige utfordringer ut over det som Statnett som systemansvarlig vil kunne akseptere.

Statnetts vurdering er dermed at kapasiteten i sentralnettet i området allerede er "brukt opp" av ny produksjon som er under bygging og gitt konsesjon (pr 1.4.09). Det vises til brev fra Statnett SF, Istad Nett AS og SFE Nett AS til NVE av 1.4.09, hvor denne problemstillingen omtales, og hvor vi ber om at NVE i sin konsesjonsbehandling tar hensyn til kapasitetsutfordringene i dagens nett mellom Ørskog og Fardal.

Statnett har konsesjonssøkt en ny 420 kV ledning mellom Ørskog og Fardal, med flere transformeringspunkter underveis. Denne ledningen vil bidra til en kraftig økning i nettkapasiteten i området, og vil med omsøkte transformeringspunkter blant annet legge til rette for ny kraftproduksjon i området.

Statnetts anbefaling er at eventuelle nye konsesjoner kan gis med et tydelig forbehold om at nettilknytning først kan skje etter at det kan dokumenteres tilstrekkelig nettkapasitet. I den grad nye konsesjoner tildeles vil det også være fordelaktig om det kommer klart frem at det ikke er ledig nettkapasitet til ny kraftproduksjon i dagens sentralnettet i området, men at Statnett planlegger en ny 420 kV ledning Ørskog-Fardal som vil legge til rette for ny kraftproduksjon i dette området.

Generelt om tilknytning av nye regional- og sentralnettsanlegg

Ved planlegging av anlegget legger Statnett til grunn at konsesjonær følger krav i Forskrift om systemansvaret i kraftsystemet (FoS) og Forskrift om leveringskvalitet i kraftsystemet (FoL). I henhold til FoS § 14 skal konsesjonær informere systemansvarlig om planer for nye anlegg eller endring av egne anlegg tilknyttet regional- og sentralnettet, når andre konsesjonærer blir berørt av dette. Nye anlegg eller endringer kan ikke idriftsettes uten etter vedtak av systemansvarlig.

Systemansvarlig legger til grunn at veileder for funksjonskrav i kraftsystemet (FIKS) følges, og at konsesjonær informerer systemansvarlig om anlegget i god tid før planlagt idriftsettelse. Eventuelle avvik i forhold til FIKS skal avklares før vedtak om idriftsettelse kan gjøres."

Befring Kraft AS og Veiteberg Kraftverk AS uttaler i brev av 19.6.2010:

"Først av alt, vi er positive til Stardalen Kraftverk sine planar om kraftverk i Stardalselva. Men vi har nokre merknader til høgspenntilknytninga til Stardalen Kraftverk.

I "Konsesjonssøknad og konsekvensutredning for Stardalen Kraftverk", oversikt over utbyggingsplanane, figur 2, alt. A1, ser vi at trasèen for jordkabel er innteikna direkte i frå Håheim/Århaugen Trafostasjon.

Produksjonen frå våre verk er tilknytt 22kV linja til Håheim/Århaugen, og som har for liten kapasitet når våre verk køyrer full last. Dette medfører høge marginaltap i fullastperiodar, og følgeleg høge nettkostnader for oss. For Befring utgjør det om lag 4 – 500 000 kr. pr. år, for Veiteberg omlag 150 000 kr. pr. år.

På grunn av den svært dårlege linjekapasitet på nettet vi er knytta opp i mot, ønskjer vi ei samlokalisering med eksisterande linjetrasé som går vidare til kraftverka i Stardalen. Når ein først skal bygge nye linjer i området, bør ein gjer dette på ein samfunn økonomisk måte, og etter vår meining søkje å få til ei slik samlokalisering slik at ein slepp å ta eksisterande strekning igjen ved seinare høve. Den samlokaliserte linja/jordkabelen må ha slik kapasitet at Stardalen kraftverk ikkje blir skadelidande, dette i form av auka nettap grunna denne endringa.

Vi viser elles til energilovas formålsbestemmelse i høve anleggsconsesjon til elektriske anlegg, der bl.a. samfunnsøkonomiske hensyn vert vektlagt."

Jølster jakt og fiskelag sone 4 uttaler i brev av 16.6.2010:

"Jølster jakt og fiskelag sone 4 ser med uro på planane som er framlagde når det gjeld utforming av inntaksdam. Dette vil føre til at framtidig aurefiske oppstrøms inntaksdam vil få betydelege reduserte kvalitetar.

Arbeidet med reguleringa av Stardalselva oppstrøms av inntaksdam til Fonn vart ferdig i kring 1950. Aurefiske har likevel vore godt etter reguleringa, mykje grunna oppgong av fisk nedstrøms planlagt inntaksdam. Oppgongen av fisk skjer under gunstig vassføring i elva. Dei siste 10 åra har dette gått noko tilbake, men det skuldast nok truleg for stor oterstamme i heile vassdraget.

Det vert hevda at mindre vassføring nedstrøms inntaksdam kan vere positivt for fiskestamma.

Dette er gjerne rett. Det vil og truleg føre til fleire og lengre periodar med gunstig vassføring, som er nødvendig for at fisken skal klare å gå opp fossen.

Men då må det leggst til rette for at fisken kan komme forbi inntaksdammen.

Vi kan ikkje godta ei løysing der alt vatn til minstevassføring går gjennom ei luke i demninga, og såleis vere einaste passering for fisken. Det vil heilt klart ikkje fungere pga. for stort trykk i utløp luke.

Vårt krav er at det må tilretteleggast med trapp/renne på sørsida av inntaksdammen.

Fiske oppstrøms inntaksdam har alltid hatt betydning som friluftsoppleving / rekreasjon for fastbuande og turistar, dette må ikkje forringast.

Dersom det ikkje vert gjort tiltak for å rette på dette, vil det verte stilt krav til utbyggjar om årleg utsetjing av aure oppstrøms inntaksdam.

Jølster jakt og fiskelag sone 4 har sidan starten av laget selt tiskekort i eiva oppstrøms av inntaksdam."

Sogn og Fjordane Turlag uttaler i brev av 1.7.2010:

"Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 18.03.2010 og til sakspapira som vi har lasta ned via internett, og takkar for at vi fekk utsett høyringsfristen! Høyringsfråsegna bygger på konsesjonssøknaden med vedlegg, informasjon henta via internett, samtaler med lokalkjende og eigen kunnskap om området.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 56 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 5.087. Stardalen kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>.

Om friluftsliv i det aktuelle området:

Konsekvensutgreiinga om friluftsliv for Stardalen kraftverk er betre enn i dei fleste andre konsesjonssøknader vi har sett, så vi viser til den, den gir eit godt bilete av friluftslivet i området. Vi har få merknader, men kan nemne at det også er andre aktørar enn dei lokale som arrangerer fellesturar i området. Mellom andre DNT Oslo og omegn, og andre turistforeiningar/turlag frå andre delar av landet. Ettersom dette dreiar seg om turar som har utgangspunktet lenger oppe i Stardalen enn der utbygginga er (Befring, Veiteberg, Høyset og Fonn), har vi ikkje undersøkt nærare kor stort omfang slike turar har. At Stardalen frå om lag 2 km oppstrøms inntaket og vidare oppover har stor nasjonal, og til dels internasjonal, verdi som friluftsområde, det er det ingen tvil om! Verdien er først og fremst knytt til turar til fots og på ski innover mot, og inn i, Jostedalsbreen nasjonalpark.

Om rafting i Jølster:

Rafting er ei form for friluftsliv som i Jølster vert driven kommersielt, og på ein avgjort profesjonell måte, av Jølster Rafting AS. Verksemda er viktig innanfor reiselivet i Jølster, dels fordi verksemda sjølv har ganske mange arbeidsplassar i sesongen, dels fordi den skaper ganske store ringverknader til andre delar av næringslivet i Jølster. Særleg gjeld dette til overnattingsverksemdene.

Sogn og Fjordane Turlag har verken interesser i, eller samarbeid med, Jølster Rafting AS, men vi ser positivt på arbeidet dei driv. Verksemda vert driven på ein naturbasert måte med minimale skadar på naturen, og rafting er ei spanande form for friluftsliv på eit område der vi ikkje har, og ikkje har planar om å få, eit tilbod! Verksemda krev høg kompetanse, særleg på tryggleik, og godt utstyr.

Rafting er omtala mellom anna i Konsekvensutgreiinga om Landskap, friluftsliv og reiseliv i punkt 5.3.3 på side nr. 32 (= side 44/72 i Acrobat reader) og i punkt 5.3.4, 2. avsnitt, på same side. Det som står i desse punkta er etter det vi har kjennskap til, korrekt, men vi har nokre tilleggskommentarar:

Når Jølster Rafting brukte Stardalselva berre ein gong i 2009, så var det spesielle grunnar til det, og vi reknar med at 2008 var mykje meir "eit normalår" for bruken av Stardalselva enn 2009. Og som det står i 5.3.3 i konsekvensutgreiinga, reknar vi det som sannsynleg at Stardalselva kan bli viktigare for Jølster Rafting i åra framover.

Noko anna som ikkje står i konsekvensutgreiinga, og som kanskje heller ikkje var kjent då den vart skriven, er at det er konkrete planar om ei stor kraftutbygging i Jølstra også! Dette har vore ganske mykje omtala i avisa Firda, og vi er sikre på at i alle fall NVE Region vest har godt kjennskap til planane. Det er 2 utbyggingsalternativ, eitt med inntaket direkte i Jølstravatnet. Dette vil i så fall ramme heile den strekninga som Jølster Rafting i dag brukar i Jølstra. Det andre alternativet har inntaket eit stykke nede i elva, og vil då ramme delar av den strekninga Jølster Rafting brukar. Det er heilt klårt at ei stor kraftutbygging i Jølstra vil kunne ramme Jølster Rafting AS svært hardt, særleg viss det største utbyggingsalternativet vert valt, og får konsesjon. Men også det minste utbyggingsalternativet vil vere svært uheldig fordi det, etter det vi har forstått, vil gå ut over den mest attraktive delen av elva!

Viss det blir kraftutbygging også i Jølstra, noko som ikkje er usannsynleg med den haldninga Jølster kommune har til store og små kraftutbyggingar, vil det truleg bli svært viktig for Jølster Rafting AS at det minste utbyggingsalternativet vert valt for Stardalen kraftverk!

Val av utbyggingsalternativ:

I Konsesjonssøknaden er det utgreidd 2 utbyggingsalternativ, A1 og A2, og omtala eit alternativ B, der kraftstasjonen er plassert lenger oppe i elva enn for dei to A-alternativa. I NVE sitt utgreiingsprogram står det mellom anna: "Alternativet som ble fremmet av Jølster Rafting hvor kraftstasjonen flyttes lenger opp i elva må også utredes." (I fråsegna vår av 14.03.2008 til Meldinga, fremma også Sogn og Fjordane Turlag ønskje om utgreiing av ei alternativ plassering av kraftstasjonen lenger oppe i elva, men vi var ikkje så konkrete når det gjaldt plasseringa som det Jølster Rafting AS var.)

*Vi kan ikkje sjå at utbyggerane har tilfredsstilt NVE sitt krav om utgreiing av eit alternativ der kraftstasjonen vert flytta lenger oppover i elva. Alternativet er omtala og teikna inn på kart, men utgreidd kan vi ikkje sjå at det er! Det fins til dømes ingen "2.4 Teknisk beskrivelse av tiltaket (alternativ B)", og det finst heller ikkje noko "2.10 Kostnadsoverslag" for alternativ B. Det finst kort sagt nesten ikkje noko som helst grunnlag for å vurdere B-alternativet verken teknisk eller økonomisk. Dette er, sagt i klårtekst, **altfor dårleg!** Inntrykket vi – med rette eller urette – sit att med etter å ha lese konsesjonssøknaden, er, utan "diplomatiske omskrivingar", om lag slik:*

*Her har utbyggerane først bestemt seg for å fullstendig avvise B-alternativet. Deretter har dei bedt konsulenten om å lage ei utgreiing som passa med dette synet. **Det einaste som er utgreidd nokså skikkeleg, er konsekvensane av alternativ B, men ikkje sjølve utbyggingsalternativet!** Kommentrar: Utbyggingsalternativ A omfattar ei elvestrekning på omlag 3,6 km med ei fallhøgde på 63,7 m. Alternativ B omfattar ei elvestrekning på omlag 1,1 – 1,2 km med ei*

fallhøgde på 44,5 m. Samanlikna med Alternativ A, omfattar altså Alternativ B berre omlag 33% av elvestrekninga, men 70% av fallhøgda. Berre det er etter vårt syn ein sterk grunn til å vurdere Alternativ B svært grundig! (NB! I konsekvensutgreiinga om Landskap, friluftsliv og reiseliv i punkt 4.4.4 på side nr. 25, er det oppgitt 3,3 km elvestrekning for Alt. A og 1,2 km for Alt B. Vi har brukt tal som vi sjølv har rekna ut. Viss NVE legg vekt på skilnaden, ber vi NVE kontrollrekne avstandane.) Om Alternativ B står det i konsesjonssøknaden mellom anna: "Alternativ B, med kraftstasjon på Ytre Heggheim, er vurdert men ikke omsøkt av tekniske, økonomiske og miljømessige grunner."

Ut frå det som står i konsesjonssøknaden, framstår dette meir som lause påstandar enn som ei sakleg godt fundert grunngjeving. Unntak: Det miljømessige. Der er det gjennom konsekvensutgreiinga dokumentert at Alternativ B vert dårlegare enn Alternativ A i den kortvarige anleggsfasen, medan Alternativ B er det beste i den langvarige driftsfasen. Vi ber NVE krevje at utbyggingsalternativ B vert utgreidd skikkeleg, teknisk og økonomisk!

*Vårt val av utbyggingsalternativ: Basert på konsekvensutgreiingane, vurderer vi Alternativ B som det **klårt** beste alternativet i driftsfasen (som kanskje vil vare i 100 år framover). Ein omlag 2,4 km kortare del av elva vert då påverka av utbygginga, og det gir fordelar, til dels store, innanfor:*

- *Friluftsliv, jakt og fiske, inklusive rafting.*
- *Landskap.*
- *Flora og fauna inklusive trekkruer for hjort.*

Viss vi skal velje mellom Alternativ A1 og A2, vurderer vi A1 som det beste, men likevel mykje dårlegare enn Alternativ B!

Om utbyggingsløyising for Alternativ B:

I konsesjonssøknaden er det for Alternativ B skissert ei utbyggingsløyising med 900 – 1.000 m sprengd tunnel og 180 – 240 m røyr inn til kraftstasjonen. Dette er sikkert ei OK løyising, men den er, på same måte som A-alternativa, teknisk krevjande, dyr, og krev omfattande anleggsverksemd. Mangelen på kostnadsoverslag gjer det vanskeleg å vurdere løyisinga økonomisk, men truleg er den like økonomisk dårleg som A-alternativa.

Vi har samanlikna med Hjelle kraftverk i den nedre delen av Våtedalen, ei utbygging som er nokre km lenger nede i den same hovudelva som Stardalen kraftverk. Middelvassføringa var i konsesjonssøknaden for den utbygginga rekna til å vere 16,6 m³/s. Dette er 31% meir enn for Stardalen kraftverk. Hjelle kraftverk er bygd på ein teknisk mykje enklare og billegare måte enn det som er planlagt for Stardalen kraftverk. Det er brukt vanleg nedgraven røyrgate fram til kraftstasjonen, og kraftstasjon i dagen. Kraftverket vart sett i drift i midten av 2008, og byggekostnaden var ifølgje rekneskapen 24,9 mill., eller kr. 1,95 pr. kWh basert på den stipulerte produksjonen på 12,75 GWh. Utbygginga har vore lønsam frå første driftsdag, (netto i 2008 kr. 373.901,-) sjå vedlagde kopi av rekneskapen for 2008. (Lasta ned frå Brønnøysundregistera.) 2009-tala er enno ikkje tilgjengelege.

Etter vårt syn vil det for Alternativ B i Stardalen vere fullt mogeleg å bruke ei tilsvarande enkel og billeg utbyggingsløyising som den som vart brukt i Hjelle kraftverk. På den øvste ca. halvdelen av røyrгатetraseen kan den nedgravne røyrгата legгast langs elva. På den nedre ca. halvdelen kan den legгast eit stykke frå elva, omlag i overgangen mellom skog og dyrka mark,

og i relativt rett line mot kraftstasjonen. Viss det for den øvste halvdel av røyrkata skulle vere betra å grave røyrkata ned eit stykke nord for elva i staden for langs elva, kan det frå inntaket sprengast ein kort tunnel nordvestover for å kome ut i dagen på ein høveleg stad for start av røyrkata. Vi presiserer at dei røyrkatetraseane vi nemner, er grovskisserte. Dette må sjølvstundt vurderast skikkeleg i terrenget!

Bygging av Alternativ B med nedgraven røyrgate på heile (eller nesten heile) strekninga, vil, på tilsvarande måte som for andre kraftverk med nedgraven røyrgate, føre med seg store naturinngrep i anleggsfasen. (Ein kjem ikkje så nær husa på Nedre Heggheim som i det B-alternativet som er omtala i konsesjonssøknaden.) Men ettersom så å seie heile røyrkata vil gå over dyrka mark, vil røyrkatetraseen knapt nok verte synleg i driftsfasen. Under føresetnad av at røyrkata vert graven langt nok ned, og er sterk nok, til å kunne køyrast over med traktor, vil røyrkata ikkje vere til ulempe for gardsdrifta. Problema med deponering av overskotsmassar vil nesten forsvinne.

Vi ber NVE vurdere å krevje at eit slikt forenkla og billegare B-alternativ vert utgreidd!

Om økonomien i utbygginga:

Vanlegvis vurderer ikkje vi økonomien i kraftutbyggingar, men ettersom utbyggaren brukar den som argument for A-alternativet og mot B-alternativet, som vi meiner er det klårt beste, gjer vi eit unntak i dette tilfellet. Med ein utbyggingspris på 160,1 mill. tilsvarande kr. 3,27 pr. kWh, er dette ei dyr utbygging til å vere privatfinansiert. Så dyre, og dyrare utbyggingar vert vanlegvis berre gjennomførde av store profesjonelle utbyggarar som har "økonomiske musklar" til å tole at ei utbygging går med underskot ein del år framover. I tillegg ser det ut til å vere knytt ganske stor usikkerheit til utbyggingskostnaden. Dette har samanheng med kvaliteten på fjellet det skal sprengast tunnel gjennom. Det er klårt at når ein skal lage tunnel i foten av eit fjell som reiser seg anslagsvis 900 m over der tunnelen skal vere, så blir det usikkert korleis fjellkvaliteten er, og kor mykje det vil koste. Kva den reelle kostnaden for utbygginga vil bli, veit ein neppe før etter at ein eventuelt har fått konsesjon, og har fått inn tilboda på utbygginga. Kanskje veit ein det ikkje då heller! I tillegg er det usikkert korleis det i dag svært låge rentenivået vil vere om ca. 5 år når kraftverket eventuelt er kome i drift. Kor høge inntekter dei "grøne sertifikata" eventuelt vil gje, er også usikkert.

Men – alt treng sjølvstundt ikkje bli heilsvart. Viss utbyggarane er heldige og den reelle utbyggingskostnaden til slutt blir under kr. 3,50 pr. kWh, og rentenivået i tillegg held seg lågt i mange år framover, kan det gå ganske bra og!

Grunnen til den høge kostnaden for utbygginga, er at ein her brukar den dyrare teknologien til ei stor utbygging til å bygge eit kraftverk som i produksjon ikkje er så mykje større enn ei småkraftutbygging. Sakshandsaminga for ei så stor utbygging vert også fleire år lenger enn for ei småkraftutbygging, noko som gjer at det tek mykje lenger tid før kraftverket (eventuelt) kjem i drift og gir inntekter. Framdriftsplanen i punkt 2.11 på side 16 i konsesjonssøknaden, er fullstendig urealistisk. Vi reknar det som sannsynleg at den må forlengast med omlag 2 år, men dette veit NVE meir om enn vi.

For oss ser det ut som det i denne saka er lagt mykje større vekt på høgast mogeleg produksjon enn på inntening til utbyggarane. Vi har samanlikna litt med Hjelle kraftverk, som berre har rundt 26% av produksjonen av det som er planlagt for Stardalen kraftverk. I mange år framover

reknar vi med at Hjelle kraftverk vil gje mykje høgre nettooverskot i kroner og øre enn Stardalen kraftverk. I Stardalen kraftverk reknar vi med at i mange år framover vil alle/så å seie alle inntekter gå med til drift og renter på og nedbetaling av gjeld. Men ser ein 30-40 år fram i tid, er det sjølvsagt gode sjansar for at Stardalen kraftverk vil gje **svært** gode inntekter!

Vår vurdering er at viss ein tek utgangspunkt i Alternativ B og hentar inspirasjon til utbyggingsløysinga frå Hjelle kraftverk, så vil ein, fordi fallhøgda er større, få ei utbygging med anslagsvis 2,4-2,5 gonger høgre produksjon, truleg i overkant av 30 GWh, til ein utbyggingspris som vi vil anslå til å bli i området kr. 2,50 – 2,70 pr. kWh. (NB! Den sannsynlege utbyggingskostnaden har NVE **mykje** betre kunnskapar til å anslå enn det vi har!) Med ei slik utbyggingsløysing vil ein få ganske bra inntekter også på kort sikt, og på lang sikt vil inntektene bli **svært** gode med fleire millionar i årlege nettooverskot. (Men ikkje så gode som om 30 – 40 år som for A-alternativet.) Ei slik utbygging kan også bli eit småkraftverk, slik at NVE kan gje konsesjon utan å gå om OED, og tida fram til kraftverket kjem i drift kan kortast ned med anslagsvis 1,5 år. Det betyr også noko økonomisk! Med ei slik utbyggingsløysing er det også, med god planlegging, mykje mindre utryggeleik knytt til kva som vil verte den endelege utbyggingskostnaden. Økonomisk vert dette etter vår vurdering ei mykje tryggare utbyggingsløysing for dei private utbyggjarane, og nettoinntektene vil kome tidlegare!

Andre kommentarar til utbyggingsløysinga:

Det er lagt opp til ei slukevne i kraftstasjonen på maksimum 250%, minimum 19,8% av middelvassføringa. Dette er kombinert med ei minstevassføring om vinteren på berre 50% av 5-persentil vinter (41,7% av alminneleg lågvassføring), og om sommaren berre 36,7% av 5-persentil sommar. I tillegg er det lagt opp til "skvalpekøyning" av kraftverket om vinteren, noko som vil vere spesielt uheldig for livet i elva nedstrøms kraftstasjonen. **I sum gir dette ei utbygging som er så knallhard at det ikkje er akseptabelt i ei så stor elv!** Etter vårt syn må NVE "sette foten ned", og ikkje tillate "skvalpekøyninga", dette gjeld uansett utbyggingsalternativ. Vidare må **enten den maksimale slukevna settast ned eller minstevassføringa settast opp**. Vår tilråding er at minstevassføringa vert sett til 5-persentilane sommar og vinter, og at slukevna som følgje av dette kan vere uendra 250%. Men dette er ei avveging. Om vinteren meiner vi at minstevassføringa uansett **ikkje** må settast lægre enn 5-persentilen, helst ikkje lægre enn Alminneleg lågvassføring! Viss minstevassføring om sommaren skal settast lægre enn 5-persentilen, meiner vi at den maksimale slukevna også må ned.

Om vinteren meiner vi at kombinasjonen av ei minstevassføring på minimum 5-persentilen og totalforbod mot "skvalpekøyning" er viktig for alle sider av livet i elva, inklusive maten til fisken. Om sommaren er ein god kombinasjon av minstevassføring og maksimal slukevne viktig både for livet i elva, landskap, friluftsliv, fiske m.m. 5-persentil sommar kombinert med ei høg maksimal slukevne gir ei "kjedeleg" elv med lite dynamikk. Lægre maksimal slukevne og lægre minstevassføring gir noko meir variasjon i elva. Kanskje er det "kjedelege" alternativet det beste for livet i elva???

2.4.1 Inntak og dam: For oss ser dette gjennomtenkt ut, og vi har ingen merknadar.

2.4.2 Vassveg: Viss A-alternativet skulle få konsesjon, ser dette OK ut. Viss B-alternativet skulle bli utgreidd og få konsesjon, meiner vi at det sterkt må vurderast nedgraven røyrgate, kanskje

kombinert med ein kort sprengd tunnel for å kome over til vestsida av berghammaren på nordsida av inntaket. (Sjå det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna.)

2.4.3 Kraftstasjon: *Viss A-alternativet blir valt, ser vi alternativet med kraftstasjonen inne i fjellet som det beste. Viss B-alternativet blir valt, har vi ingen merknader til den kartfesta plasseringa, men det må leggest stor vekt på støyisolering av kraftstasjonen, særleg av omsyn til dei som bur i nærleiken, men også av omsyn til dei som ferdast i området. Både NVE og erfarne konsulentar (som til dømes dei som er brukte for denne utbygginga) har no så mykje kunnskap om støyisolering av kraftverk, at støy ikkje bør bli noko problem! NB! Av omsyn til livet i elva, må omløpsventil vurderast!*

2.4.4 Massetipp: *Vi har ikkje prioritert å vurdere dette temaet spesielt godt. Her er det større grunn til å lytte til kommunen og andre som er lokalkjende i området.*

2.4.5 Vegar: *For A-alternativa har vi frå vår side ikkje spesielle merknader til vegane som er skisserte. Viss det er i dag/blir etter utbygginga ein del trafikk langs austsida av Stordalselva, bør det vurderast om det er trong for ei enkel gangbru (nær hovudelva) over kanalen som kjem ut frå kraftstasjonen, for å gjere det enklare å passere den. Vassføringa i kanalen vil bli så stor at det blir store problem/uråd for både folk og dyr å passere den. Men vi er usikre på kor stor trongen for ei bru vil vere, og i tilfelle kva slags bru det er trong for å bygge. Vi ber om at dette vert vurdert!*

Når det gjeld B-alternativet, viser NVE-atlas at det alt i dag er veg (det siste stykket traktorveg) så og seie heilt fram til den planlagde kraftstasjonen. Dessverre kjenner vi ikkje kvaliteten på dei aktuelle vegane, så vi er usikre på om dei kan brukast, eller om det må byggast ny veg. Viss det vert aktuelt å bygge B-alternativet med nedgraven røyrgate, slik vi har skissert, er det sterkt ønskjeleg at den vegen som kanskje/truleg må byggast langs heile eller delar av traseen, vert gjort om til køyresterkt terreng (eller vert fjerna heilt) etter at anleggsarbeidet er ferdig. Omgjering til køyresterkt terreng er også ønskjeleg for vegen fram til dammen. Vi ber om at det blir vurdert!

2.4.6 Riggområde: *Ingen merknadar.*

2.9 Installasjon: *Under dette punktet er planane om "skvalpekøyning" ganske grundig omtala. Her står det mellom anna i 2. avsnitt:*

"Når så vannspeilet når HRV på 267,5 og elven "demmer" ca. 1200 m oppover, kjører - - -"

I konsekvensutgreiing: Landskap, friluftsliv og reiseliv, under landskap i punkt 4.4.2 side 22, 2. avsnitt står det mellom anna følgjande:

"Dammen vil heve vannspeilet i elva opp til kote 267, og strekningen fra dammen og ca. 390 m oppover elven vil fremstå som et lite vann."

Det som er sitert frå konsesjonssøknaden og frå konsekvensutgreiinga "heng ikkje heilt i hop". Vi ber NVE krevje at utbyggjarane klargjer om elva "demmer" 1.200 m oppover (det er langt!!!) eller om elva berre blir oppdemt 390 m oppover.

Uansett er det vårt syn at slik "skvalpekøyning" ikkje bør tillatast. Viss NVE skulle vurdere å tillate det, ber vi om at NVE krev tilleggsutgreiing om livet i elva nedstrøms kraftstasjonen.

"Skvalpekøyning" i Stardalen kraftverk kan også føre til liknande "skvalpekøyning" i Hjelle kraftverk, slik at problemet for livet i elva kan kome til å forplante seg nedover. Dette bør også utgreiast!

Kommentarar til konsekvensane av utbygginga:

7 Tiltaks- og influensområdet: Viss det blir "skvalpekøyning" av kraftstasjonen, blir influensområdet for utbygginga feil, så langt det gjeld livet i elva. Tilsvarende gjeld viss det ikkje blir installert omløpsventil i kraftstasjonen. Andre tema enn dei ulike sidene av livet i elva, blir lite påverka.

10 Landskap: Konsekvensutgreiinga for landskap synest vi generelt sett er svært god, men vi synest at fordelene som følgje av at omlag 2,4 km elv ikkje vert påverka viss utbyggingsalternativ B vert valt, er klårt undervurdert!

Når det gjeld inntaksdammen må det klargjerast om den påverkar elva 390 m eller 1.200 m oppstrøms. Viss det korrekte er 1.200 m, er det så mykje at vi **ber NVE sterkt vurdere å krevje at toppen på dammen vert senka litt**. Vi ser også at det i konsesjonssøknaden vert operert med ein HRV på 267,5, medan det i konsekvensutgreiinga blir operert med HRV 267. Er det denne halvmeteren som gjer at elva vert påverka 810 ekstra meter oppover? **Det må klargjerast!**

12 Flora og fauna: Vi har ikkje spesielle merknader til det som står, men legg merke til at utbyggingsalternativ B, som vi ønskjer, ser ut til å vere klårt betre for dette fagtemaet!

13 Fisk: I denne utbygginga, som i fleire andre utbyggingar som no er i ulike fasar av handsaming i NVE og OED, ser vi gong på gong konsekvensutgreiingar for fisk som konkluderer med at kraftutbygginga enten vil vere til fordel for fisken, eller at den **kanskje vil vere til fordel for fisken**. **Vi er kritiske – svært kritiske!** Med bakgrunn i det, til dels katastrofale, vi har sett har skjedd i andre elvar som har vorte utbygde tidlegare, trur vi trur rett og slett ikkje på at i ei heil rekkje av dei store utbyggingane som no vert planlagde i Sogn og Fjordane, så vil fisken enten få det betre, eller kanskje få det betre (kva no det reelt sett betyr), som følgje av utbygginga! Problemet vårt er at vi dessverre har for lite kunnskapar om fisk og kraftutbyggingar, så vi har ikkje fagleg godt nok grunnlag til å kunne påstå at det eller det som vert skrive om fisk, er feil. For denne utbygginga blir det hevda at den vil vere til fordel for fisken. Vi kan ikkje utelukke det, men vi kan heller ikkje stadfeste det.

NB! Vi ber NVE nytte sine fagfolk til å ta ei grundig samla vurdering av alle dei mange sakene der fiskerapportane hevdar at fisken vil få, eller kanskje vil få, det betre som følgje av utbyggingane, og vurdere om det er godt nok sakleg grunnlag for alle desse påstandane. I tvilstilfelle ber vi NVE krevje alternative vurderingar av andre fagfolk. Vi ber også NVE om å krevje (eller helst gjennomføre i eigen regi,) etterundersøkingar av om det som blir hevda i dei mange positive fiskerapportane, stemmer i praksis, etter at utbyggingane er gjennomførde!

15 Luftureining og støy: I utgreiinga er det påpeika at utbyggingsalternativ B vil føre til støyproblem for dei av kraftutbyggarane som bur på Ytre Heggheim. I anleggsfasen er det ingen grunn til å tvile på det, enten ein brukar fjelltunnelalternativet eller nedgraven røyrgatealternativet som vi har skissert. Problema vert ulike, og vil ramme på ulik måte, for dei to alternativa. Men dei vert i den store samanheng relativt kortvarige. Kraftstasjonen vil stå nede i eit søkk "med ryggen mot busetnaden". Viss det vert gjort skikkeleg arbeid, er det

absolutt ingen grunn til å rekne med at den i driftsfasen vil føre til støyproblem for nokon del av busetnaden!

22 Konsekvensar av ei eventuell start-stopp-køyring av kraftverket: *Viss NVE vurderer å gje løyve til slik "skvalpekøyring", som det gjerne vert kalla, ber vi NVE vurdere om det trengs ei grundigare utgreiing av konsekvensane. Vi synest det!*

Nokre korte kommentarar: Botndyr er ein viktig del av maten til fisken. Viss tettleiken av botndyr vert redusert, vil den reduserte mattilgangen også gå ut over fisken, det kan det neppe vere nokon tvil om! Viss det blir "skvalpekøyring" i Stardalen kraftverk, vil det høgst sannsynleg føre til slik køyring også i Hjelle kraftverk. Hjelle kraftverk har lægre minimum slukevne enn det som er planlagt for Stardalen kraftverk, slik at dei kan i dag køyre kontinuerleg på vassføringar der Stardalen kraftverk må gå over til "skvalpekøyring", viss det skulle bli gitt løyve til det.

Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane Turlag vil tilrå overfor NVE å avslå søknaden om bygging av Stardalen kraftverk etter Alternativ A. Denne tilrådinga er basert på ei heilskapsvurdering som ikkje berre omfattar våre eigne interesser. Vi viser til det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna. (Viss vi heilt snevert utelukkande skulle ta omsyn til våre eigne interesser, ville vi neppe ha sakleg grunnlag for å kome med ei slik tilråding.) Del av grunnen til denne tilrådinga er også at det finst fleire variantar av B-alternativ for utbygginga, der kraftstasjonen er plassert lenger oppe ved elva. Desse alternativa er ikkje (tilfredsstillande) utgreidde. Vi ber NVE krevje at dei vert utgreidde!

Sogn og Fjordane Turlag vil tilrå å gje konsesjon til bygging av eitt av B-alternativa, etter at desse er utgreidde. Vi vil i den samanheng tilrå at maskininstallasjonen vert avgrensa til 10 MW, slik at konsesjon kan bli gitt etter reglane for småkraftverk. Dette vil kunne redusere den samla sakshandsamingstida for ein rettskraftig konsesjon ganske kraftig, noko som vil vere ein fordel for utbyggerane. Ei utbygging etter eitt av B-alternativa, med eventuelle justeringar, vil etter vår heilskapsvurdering vere mykje mindre konfliktfylt enn ei A-alternativutbygging. Ei B-alternativutbygging vil på ein heilt annan måte enn A, ta omsyn til dei ulike motstridande brukarinteressene i vassdraget. Vi reknar det også som svært sannsynleg, men det ber vi NVE vurdere nærare, at ei god B-alternativutbygging vil kunne gjennomførast til ein betydeleg lægre kWh-timepris enn A-utbyggingane, og at dette derfor vil vere ein klår fordel for den noverande generasjonen av utbyggerar. Ulempe for utbyggerane blir meir støy i byggefasen. Også for ei B-alternativutbygging må det sjølvstilt krav om slepping av ei tilfredsstillande minstevassføring, sjå det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna."

Søkers kommentarar til uttalelsene

Søker har i brev av 11.8.2010 kommentert uttalelsene. Kommentarene gjengis i sin helhet.

"Stardalen Kraft har både i konsesjonssøknaden og i tidlegare i prosessen lagt stor vekt på å utforme omsøkt utbygging som eit miljømessig godt prosjekt, og meiner det omsøkte alternativet med kraftstasjon i fjell framstår som eit godt utbyggingsalternativ både miljø- og landskapsmessig.

Stardalen Kraft AS er av den oppfatning at mange av dei innkomne kommentarane i stor grad er dekkja gjennom det omsøkte alternativet i konsesjonssøknaden. Vi har difor ikkje kommentert alle desse i vår gjennomgang av høyringsfråsegnene.

Før vi kommenterer enkeltpunkta i innkomne uttalar ønskjer vi på eit generelt grunnlag å kommentere Sogn og Fjordane Turlag sine uttalar så langt i prosessen.

I høyringsuttalen i til søknad/KU trekte dei tilbake uriktige opplysningar om Jølster Rafting, etter at dei hadde blitt gjort oppmerksame på dette av oss. Ny uttale vart sendt inn og dei bad om at den første vart trekt attende.

*Desse påstandane kjem dei med trass i at Jølster Rafting **sjølv er høyringsinnstans**. Nøyaktig det same skjedde under høyringa på meldinga for vårt prosjekt.*

Søklar er kjend også med at Sogn og Fjordane Turlag har skrive i andre høyringsuttalar i same vassdrag at Stardalen Kraft har stengt Jølster Rafting ute frå elva i Stardalen. I første uttale til konsesjonssøknaden frå Turlaget tiltakshavar fekk ved høyringsfristens utløp var dette nok ein gong mykje omtala, men denne uttalen vart trekt attende og erstatta med ny der desse feilaktige påstandane var tekne vekk etter fristen.

Utbyggjar stiller seg undrande til at Sogn og Fjordane Turlag stadig vekk kjem med usanningar og udokumenterte opplysningar om vår utbygging. Dersom dei hadde funne det bryet verdt å ta ein telefon til oss kunne dei ha fått avsanna dei feilaktige påstandane som dei set ut om oss. Sogn og Fjordane Turlag sine utspel bidreg i liten grad til ein positiv dialog, og gjer at dei for oss framstår som lite truverdige og useriøse.

Vi vil også gjere merksam på at under politisk behandling av høyringsuttale i Jølster Kommune var det tverrpolitisk semje både i komité og kommunestyret om at saksutgreiinga var direkte mangelfull og ikkje inneheldt det som er vanleg i slike saker mht verknader på samfunn, busetnad, sysselsetting, skatteinntekter og det som er sterkt positive effektar av utbygginga lokalt.

Grunna tidspress vart saka ikkje sendt tilbake til administrasjonen for ny handsaming, men det vart fatta eit endra samrøystes og enda meir positivt vedtak for konsesjon på omsøkt alternativ.

I våre kommentarar har vi i hovudsak kommentert problemstillingar/saker som vi meiner er lite relevante i forhold til ei avklaring av konsesjonsspørsmålet.

2.3 Omsøkte og vurderte utbyggingalternativer

1) Sogn og Fjordane Turlag:

*“Vi kan ikkje sjå at utbyggerane har tilfredsstilt NVE sitt krav om utgreiing av eit alternativ der kraftstasjonen vert flytta lenger oppover i elva. Alternativet er omtala og teikna inn på kart, men utgreidd kan vi ikkje sjå at det er! Det fins til dømes ingen ”2.4 Teknisk beskrivelse av tiltaket (alternativ B)”, og det finst heller ikkje noko ”2.10 Kostnadsoverslag” for alternativ B. Det finst kort sagt nesten ikkje noko som helst grunnlag for å vurdere B-alternativet verken teknisk eller økonomisk. Dette er, sagt i klårtekst, **altfor dårleg!** Inntrykket vi – med rette eller urette – sit att med etter å ha lese konsesjonssøknaden, er, utan ”diplomatiske omskrivingar”, om lag slik:*

*Her har utbyggerane først bestemt seg for å **fullstendig** avvise B-alternativet. Deretter har*

*dei bedt konsulenten om å lage ei utgreiing som passa med dette synet. **Det einaste som er utgreidd nokså skikkeleg, er konsekvensane av alternativ B, men ikkje sjølve utbyggingsalternativet!***

“Etter vårt syn vil det for Alternativ B i Stardalen vere fullt mogeleg å bruke ei tilsvarande enkel og billeg utbyggingsløyising som den som vart brukt i Hjelle kraftverk. På den øvste ca. halvdelen av rørgatetraseen kan den nedgravne rørgata leggst langs elva. På den nedre ca. halvdelen kan den leggst eit stykke frå elva, omlag i overgangen mellom skog og dyrka mark, og i relativt rett line mot kraftstasjonen. Viss det for den øvste halvdelen av rørgata skulle vere betra å grave rørgata ned eit stykke nord for elva i staden for langs elva, kan det frå inntaket sprengast ein kort tunnel nordvestover for å kome ut i dagen på ein høveleg stad for start av rørgata. Vi presiserer at dei rørgatetraseane vi nemner, er grovskisserte. Dette må sjølvstendig vurderast skikkeleg i terrenget!

“Bygging av Alternativ B med nedgraven rørgate på heile (eller nesten heile) strekninga, vil, på tilsvarande måte som for andre kraftverk med nedgraven rørgate, føre med seg store naturinngrep i anleggsfasen. (Ein kjem ikkje så nær husa på Nedre Heggheim som i det B-alternativet som er omtala i konsesjonssøknaden.) Men ettersom så å seie heile rørgata vil gå over dyrka mark, vil rørgatetraseen knapt nok verte synleg i driftsfasen. Under føresetnad av at rørgata vert graven langt nok ned, og er sterk nok, til å kunne køyrast over med traktor, vil rørgata ikkje vere til ulempe for gardsdrifta. Problema med deponering av overskotsmassar vil nesten forsvinne.”

“Vanlegvis vurderer ikkje vi økonomien i kraftutbyggingar, men ettersom utbyggaren brukar den som argument for A-alternativet og mot B-alternativet, som vi meiner er det klårt beste, gjer vi eit unntak i dette tilfellet.”

Stardalen Kraft sin kommentar:

1) Sogn og Fjordane Turlag

Alternativ B er som det står i søknaden vurdert både teknisk, økonomisk og miljømessig (sjølv om ikkje alle desse vurderingane er like godt omtala i søknaden) og er på bakgrunn av dette ikkje omsøkt. Det er fleire vurderingar som ligg til grunn for dette:

Ei rørgate, som skal kunne framføre ei tilfredstillande vassmengd for dette alternativet, vil bli av ein slik dimensjon at ein ikkje får stålrør av rett type produsert anna enn som spesialbestilling frå Middelhavet. (ref. Tinfos). Dette gjer vassvegen spesielt dyr i høve omsøkt alternativ i høve til produksjonen.

Det er også slik at med røyrdimensjonar på over 3 meter i diameter må ein mange stader operere med ei nedsprengt grøft på om lag 5 meter for å sikre tilfredsstillende avretting i botnen i tillegg til god nok overdekning på jordbruksareala der ein må kunne køyre med dagens tunge landbruksmaskiner på rørgata.

Den skisserte løysinga, med nedgraven rørgate heile vegen, er etter utbyggjar sitt syn ikkje praktisk mogleg å realisere. Dersom ein studerer topografien i området vil ein fort sjå at på ein stor del av strekninga er det berre eit tynt jordlag oppå fjell på dyrka mark og med synlege bergknauser inn i mellom. Med nedsprengt rørgate vil det gje store og varige sår i naturen nær busetnad og med innsyn for ålmenta.

Det har vore vurdert ei kombinert løysing kort tunnel og rørgate på deler av strekninga. På grunn av dårleg og sprukke fjell og lite overdekning er denne løysinga frårådd av fagfolka. Det vert vist til løysinga på Hjelle Kraftverk lenger ned i vassdraget. Utbyggjar meiner dette ikkje kan samanliknast med vårt prosjekt. Hjelle Kraftverk har rørgate i glasfiber/plast med 2,4 meter i diameter, ei fallhøgde på 19 meter og ei lengde på rørgate på omlag 200 meter. Terrenget på Hjelle er slik at ein har lagt rørgata mellom eksisterande veg og elva og her er ikkje behov for køyring over rørgata og minimalt behov for sprenging.

På Hjelle er det vesentleg lågare fall enn i Stardalen, noko som gjer at det blir feil å samanlikne desse prosjekta. Grunngevinga for dette er at det vert heilt andre krav til dimensjon på rørgate, røyrtype, lengde på traséen, nødvendig overdekning og behov for sprenging for dei to prosjekta. Hjelle ligg også langt frå busetnad og er godt skjerma for innsyn, noko som sjølsagt er ein fordel både i byggje- og driftsfase. I utbyggjar sine vurderingar ligg også at kraftstasjonsområdet ved alternativ B vil bli liggande i eit område der det ligg eit gammalt kvernhus og restar av gammal kultur. Dette vil bli sterkt råka av eventuell veg, rørgate og kraftstasjon for dette alternativet.

Utbyggjar har også vurdert dette med støy og støvplager for Ytre Heggheim i anleggs og driftsfasen som ein meiner vil bli omfattande. Desse plagene vil i tillegg bli gjeldande også for Ytre Grepstad på andre sida av elva der bustadhus er rehabilitert og der det no bur folk fast.

Plassering av overskotsmasse blir betydeleg også ved alternativ B, og ein finn ikkje så gode lokalitetar for deponi ved busetnaden på Heggheim som ved det skjerma deponiet som er søkt om.

Det er også vår vurdering at nettilknyttinga for dette alternativet vil være meir omfattande og negativt for miljø og landskap. Ettersom ein truleg må nytte luftspenn for å knyte seg til linja på motsett side av dalen vil dette føre til estetiske ulemper i landskapet.

Når det gjeld økonomi er dette vurdert av folk med høg kompetanse og erfaring. Etter utbyggjars vurdering er Sogn og Fjordane Turlag sitt syn meir å sjå på som ei meningsytring enn ei seriøs fagleg vurdering.

Tidvis (seinast i sommar) er ein plaga med at fylkesvegen ca. 700-800m nedstraums planlagd kraftstasjon ved alternativ B vert overfløymd og stengd. Ved utbygging av alternativ A vil tunnelen føre ca. 1/3-del av vatnet i ein middelflaum i elva forbi område som er flaumutsett, og ein vil stor grad redusere periodane der vegen er stengd. Ved utbygging av alternativ B vil ein ikkje oppnå denne positive effekten med færre vegstengingar som ein får ved val av alternativ A.

2.4.1 Inntak og dam

1) Jølster jakt og fiskelag sone 4:

"Vi kan ikkje godta ei løysing der alt vatn til minstevassføring går gjennom ei luke i demninga, og såleis vere einaste passering for fisken. Det vil heilt klart ikkje fungere pga. for stort trykk i utløp luke. Vårt krav er at det må tilretteleggast med trapp/renne på sørsida av inntaksdammen."

"Arbeidet med reguleringa av Stardalselva oppstrøms av inntaksdam til Fonn vart ferdig i

kring 1950. Aurefiske har likevel vore godt etter reguleringa, mykje grunna oppgong av fisk nedstrøms planlagt inntaksdam. Oppgongen av fisk skjer under gunstig vassføring i elva. Dei siste 10 åra har dette gått noko tilbake, men det skuldast nok truleg for stor oterstamme i heile vassdraget.”

2) Jølster kommune:

”Ein kan lese i KU at det skal lagast eit sedimenteringsbasseng ved dammen for å fange opp lausmassar som kjem med elva. Sedimenta skal spylast ut ein gong i året jamfør det som står i KU. Det er naturleg å tru at det vil skje sedimentering av massar i områda ved tersklane sidan hastigheita på vatnet vert redusert. Det vil vere av tyding for eventuelt berørte partar at effekten av denne utspylinga og val av type tersklar vert utgreidd.”

Stardalen Kraft sin kommentar:

1) Jølster Jakt og Fiskelag sone 4

Etter det grunneigarane har registrert har fiske oppstrøms dam vore dårleg over lang tid og ein må tilbake til 70- talet for å kunne kalle det bra, trass i at det er bygd tersklar for å legge tilhøva betre til rette for fisken. Etter vår vurdering er reduksjonen av fiskebestanden i høve tidlegare sterkt knytt til at utslepp av organisk material/forureining frå landbruket er betydeleg redusert. Landbruket var tidlegare meir intensivt med høgre dyretal og meir avrenning av næringsstoff. Dette gav også god næringstilgang til fisken, noko som førte til høg populasjon og god kvalitet på fisken. Masseuttak i elva, regulering og oppretting av elveløpet oppstrøms inntak har også ført til at tilhøva for fisken har endra seg betydeleg negativt over tid.

Skissert løysing med luke i dammen som opnar for oppgang av fisk har vore vurdert av Harald Sægrov, ein av dei fremste fagfolka innan fisk og ferskvassbiologi. Han er av den klare oppfatning at fisk over ein viss storleik ikkje vil ha noko problem med å ta seg gjennom ei slik luke. Pr i dag er det fleire stryk og fossar som hindrar oppgong av småfisk, og det er med andre ord kun ”stor” fisk som kan ta seg opp elva. Ein dam vil med andre ord ikkje endre situasjonen i vesentleg grad, sidan den vil legge til rette for at den fisken som er stor nok til å kunne ta seg forbi eksisterande fossar og stryk òg vil kunne ta seg gjennom luka i dammen og vidare opp i vassdraget. For å gjere oppgangen lettare vil ein kunne tilpasse utløpet slik at det går ut i ein kulp framfor luka, og at det på den måten vil oppgangen bli overkommeleg for fisk av ein viss størrelse.

Det vert også nemnt at noko av nedgangen i fiskebestanden skuldast høg bestand av oter. Det er delvis rett men ei trapp på sida av elva vil gje dyr som fangar fisk lettare tilgang til fisk og fungere som eit ”matfat”.

2) Jølster Kommune

I saksutgreiinga frå Jølster kommune har vi diverre funne faktafeil på omtale vedrørande utspyling iht konsesjonssøknad og fagrapportar.

I konsesjonssøknaden side 6/7 er det skildra anretning for utspyling. Det er her mogleg med utspyling frå dam og sedimenteringsbasseng gjennom luker etter behov, og ikkje ein gong i året som kommunen skriv i si utgreiing.

Tersklar vert utforma og plasserte slik ein har hatt gode erfaringar med frå andre vasskraftprosjekt (Aurland, Sima, etc). Det vil bli god og naturleg utspyling i tersklane på flaumvassføring når mykje av vatnet går i overløp (tunnelen vil ta unna 30 m³/s medan ein middelflaum er på ca 100m³/s). Slik det er i dag føregår det meste av massetransporten på flaumvassføring, og dette vil bli slik i framtida sjølv om det vert bygd dam i og med at det

meste av vatnet i ein flaum vil gå som overløp.

2.4.2 Vassveg

1) Sogn og Fjordane Turlag:

“Viss A-alternativet skulle få konsesjon, ser dette OK ut. Viss B-alternativet skulle bli utgreidd og få konsesjon, meiner vi at det sterkt må vurderast nedgraven røyrgate, kanskje kombinert med ein kort sprengd tunnel for å kome over til vestsida av berghammaren på nordsida av inntaket. (Sjå det vi har skrive om dette tidlegare i fråsegna.)”

Stardalen Kraft sin kommentar:

1) Sogn og Fjordane Turlag:

Vi vil her vise til uttalane under pkt. 2.3 Omsøkte og vurderte utbyggingalternativer.

2.4.4 Massetipp

1) Jølster Kommune:

”Det er på det reine at ein stor del av hjorten som trekk inn og ut av Stardalen passerer over dette området, og korridoren for trekk er frå før liten. Det er Stardalen hjortevald som forvaltar hjorten innafor massedeponiet og Klakegg hjortevald som forvaltar den på framsida planlagd deponi. Klakegg hjortevald feller ein stad mellom 15 og 20 dyr på område som kan verte råka av eventuelle endringar i trekkmønster til hjorten. Det er stor grunn til å tru at aktivitet i anleggsperioden vil påverke trekket til hjorten på ein slik måte at han velgjer anna trekkroute enn normalt.”

”Leif Egil Loe (pers.medd 2009). Han fortel og at hjorten truleg vil oppfatte anleggsdrift i trekkområdet under trekktida som negativ, og difor endre lokal trekkroute. Det må likevel mykje til for at endeleg destinasjon for trekket vert endra. Effekten av anleggsdrift i trekktida vil difor truleg påverke hjorten på ein slik måte at han endrar val av trekktrasè lokalt, men at han opprettheld destinasjon for trekket.”

”Dette kan føre til at vi får kryssingar av dyr over E 39 på strekninga mellom Bolset og Våtedalen. Dette vil auka potensialet for vilt påkøyrslar i tider av året sesongtrekka for hjort skjer. Aktuelle tiltak for å hindre dette kan for det første vere styrd anleggsdrift i høve til trekktider for hjort under anleggsfasen. Og for det andre kan ein på aktuell strekning over E 39 skilte "aktivt " under vår og hausttrekk.”

”Det kjem og fram at det i den gamle lauvskogen i deponiområdet er registrert hvitryggspett og det som truleg er dvergspett. Dette er raudlisteartar og sjølv om dei har lik status er det meir vanleg med hvitryggspett enn med dvergspett i kommunen. Det er og registrert hønehaug og kongeørn i området, men det er ikkje dokumentert hekking av desse to innafor dette område. Desse er sårbare for uroing i hekkeperioden, og slik sett vil det vere naturleg å legge vekt på at eit viktig avbøtande tiltak i høve dette er å i størst mogeleg grad styre anleggsdrifta utanom desse tidene.

Massedeponiet er og ein av dei mest synelege effektane av utbygginga og vil kunne redusere området eigenart som kulturlandskap i alle fall i anleggsperioden og første del av driftsperioden. Vidare kjem det fram at det er i området rundt massedeponiet ein har funne det største potensiale for konflikt med biologisk mangfald og raudlisteartar.”

"Det vil med bakgrunn i det som står over vere naturleg og tenkje på alternative stadar å deponere massar på. Jølster kommune er kjend med at jordbruksarealet vest for Øyane i delar av året er utsett for overflauming, og at det er problem med vassjuk jord. Dette gjer til at drifta av areala vert vanskeleg i delar av året. Difor kan dette vere eit aktuelt område å plassere massar på. Dette kan gjerast ved å ta vekk matjorda for så å legge massar frå anlegget på område for å heve terrenget med 2-3 meter før ein igjen legg matjorda over. Dette kan vere eit godt tiltak for jordbruksinteressene i område samt å styrke forbygginga lang Stardalselva." Det vil og i mykje mindre grad vere til negativ last for hjortetrekke og biologisk mangfald på staden.

"Om omsøkt plassering av massedeponi vert realisert, føreset Jølster kommune at det vert laga viltkorridorar både ovanfor og nedanfor massedeponiet slik at man på sikt vil få tilbake eventuelt negativt påverke trekkruiter. Deponiet bør så raskt det let seg gjere revegeterast med stadeigen vegetasjon både med omsyn til viltet og at eit massedeponi vil vere eit framandelement i landskapet."

Stardalen Kraft sin kommentar:

1) Jølster kommune.

Det er dokumentert at deler av området som er planlagt som massedeponi er ei av fleire trekkruiter for hjort i området. Erfaringar frå andre stader viser at hjorten tilpassar seg dette . Vi trur difor hjorten vil endre trekkroute i anleggsfasen og ta opp igjen det vanlege mønsteret i driftsfasen.

Etter fagfolk (Jølster kommune si eiga kjelde m.fl) si vurdering vil hjorten som trekkjer frå Stardalen via Våtedalen, gjennom området for massedeponi, truleg leggje trekket via Klakeggsflatene for deretter å trekkje tilbake på det vanlege trekket rett nedstrøms kraftstasjonen, og følgje eksisterande rute gjennom Våtedalen. Vi trur ein kan utelukke at tiltaket vil "tvinge" hjorten så langt vest som mot E39. Dersom omsøkt plassering vert vald vil anleggsarbeidet vere på eit relativt avgrensa og skjerma område. Såleis vil det vere fri passasje i Klakeggsflatene der hjorten oppheld seg under trekktida vår og haust i dagen sistuasjon, og vidare til Våtedalen utan å komme i konflikt med E39.

Det er også grunn til å merkje seg at høyringspartane Klakegg Hjortevald, Stardalen Hjortevald, Jølster Jakt og Fiskelag sone 4 og Stardalen Bondelag som representerer dei lokale jaktinteressene både mht utøvande jakt, lokal bestandsforvaltning og grunneigarinteresser med m.a sal av hjortejakt, ikkje har merknader til det som er omsøkt. Dette byggjer nok på erfaringar frå andre stader som viser at hjorten er veldig tilpassingsdyktig overfor aktivitet og menneskeleg påverknad og kun endrar bevegelsesmønster veldig lokalt i dei område det skjer endringar som gjer at endringar er heilt nødvendige.

Oppsummert kan ein konkludere med at dei som driv jakta i desse områda og som har god lokalkunnskap ikkje er bekymra for endringar i hjortetrekke, og konfliktar med jakta verken i anleggs eller driftsfase for omsøkt alternativ.

Vi meiner skissert løysing frå kommunen, med massedeponi i Klakeggsflatene, medfører eit større inngrep. Dette i form av at anleggsaktiviteten vil famne om eit større og meir utsett område. Truleg vil trekket med denne løysinga auke risikoen for at dyr trekkjer mot E 39. Med ein relativt lang anleggsperiode i dette område vil ein også få større negative konsekvensar for landbruksinteressene, ettersom forslaget frå Jølster kommune vil gje avlingstap i minst to

innhaustingssesongar på desse flatene. Å flytte anleggsaktiviteten hit vil også medføre støy og støvplager for fastbuande nær Klakeggsflatene.

Oppsummert meiner vi at eit massedeponi i Klakeggsflatene vil vere sterkt uheldig både for hjort, jordbruk og fastbuande i anleggsperioden.

Det blir påstått at jordbruksareala i Klakeggsflatene er utsett for flaum. Dette er ukjent for utbyggjar og grunneigarane i området, ettersom det ikkje har vore flaum i flatane meir enn ein til to gonger etter at elva vart forbygd og regulert på 50-60 talet. Det er også direkte feil at elva ikkje er forbygd på denne strekninga. Under nemnde regulering vart heile strekninga forbygd ved jordbruksareala i Klakeggsflatene med stein. Denne forbygninga har fungert godt ettersom jordbruksareala ikkje er utsett for erosjon eller likande.

At det førekjem høg grunnvasstand i storflaumar i det gamle elveløpet i Klakeggsflatene, som vart planert ut enkelte plassar på 60-talet, kan vi vere einige i. Derimot er vi ikkje kjende med store flaumar i nyare tid. I 2009 vart det gjennomført dyrking på noko areal i flatene, og Jølster kommune nekta då grunneigar å fylle opp og dyrke deler av det gamle elveløpet.

I søknaden er det antyda at grunneigarane vil nytte deler av tunellmassen til sal til entreprenørar ei tid etter anleggsslutt. Dette er ein viktig ressurs som vil kunne gje næringsinntekt ein kort periode etter utbygginga. Dersom ein blir pålagt å plassere massen for å betre jordbruksareal andre stadar, ønskjer grunneigarane heller å nytte massane på eige jordbruksland utan form for konflikt med hjortetrekkingen den tid på året det føregår.

Etter søkjar sitt syn er omsøkt alternativ det mest skånsamme alternativet ettersom det er minst synleg, og gjev minst negative konfliktar for jordbruk, vilt, miljø og støy.

Når det gjelder artar som kongeørn, hønsehauk, kvitryggspett og dvergspett er ingen av desse påvist hekkande i nærområdet til kraftstasjon og massedeponi. Det dreiar seg om observasjonar og spor teikn for artar som ofte har store territorium og fleire alternative hekkelokalitetar. Dersom det vert oppstart på anleggsarbeidet i hekketida vil ei rask kartlegging av nærområdet kunne påvise eller avkrefte eventuell hekking. Dersom artane hekkar i området vil utbyggjar, i samråd med fagfolk, vurdere avbøtande tiltak for å unngå at artane vert negativt påverka av anleggsarbeidet.

2.8 Elektriske anlegg og overføringslinjer

1) Jølster Kommune:

”Det som er ulikt i førehandsmeldinga til SUS og konsesjonssøknaden er at det i staden for ei luftspend line skal gravast ned ein jordkabel. Denne skal etter søknaden gå over jordbruksareal på Klakeggsflatene før han dreier sørover langs E 39 i ein avstand på 60 — 120 meter og går etter dette vestover mot koplingsstasjon på Årehaugen. Det betyr at ein nå får to parallelle liner ut av Stardalen. Ein jordkabel vil sjølv om han ikkje er syneleg, bandlegge framtidig nytte av mykje areal. Jølster kommune held fast på at det er særst uheldig med parallellføring av to liner ut av område og at det i staden for planlagd jordkabel, vert lagt opp til ei line som kan føre all straum ut av dalen for ein lengre periode.”

2) Befring og Veiteberg Kraft

"På grunn av den svært dårlege linjekapasiteteten på nettet vi er knytta opp mot, ønskjer vi ei samlokalisering med eksisterande linjetrasé som går vidare til kraftverka i Stardalen. Når ein først skal byggje nye linjer i området, bør ein gjer dette på ein samfunn økonomisk måte, og etter vår meining søkje å få til ei samlokalisering slik at ein slepp å ta eksisterande strekning igjen ved seinare høve. Den samlokalisert linja/jordkabelen må ha slik kapasitet at Stardalen Kraftverk ikkje blir skadelidande, dette i form av auka nettap grunna denne endringa."

Stardalen Kraft sin kommentar:

1) Jølster Kommune.

På bakgrunn av innspel til meldinga og etter områdekonsesjonæren på lokalnettet (Sunnfjord Energi) sine planar i området har utbyggjar skissert ei løysing med jordkabel. I utgangspunktet er det netteigar som har eit planleggingsansvar og avgjerdsmynde på kva som skal søkjast konsesjon på, og konsesjon vert gjeve av NVE. Utbyggjar vil sjølv sagt måtte godta dei løysingar som vert gjeve konsesjon for og betale anleggsbidrag i henhold til gjeldande regelverk for dette.

2) Befring og Veiteberg Kraftverk

Det er Sunnfjord Energi som er områdekonsesjonær og har det overordna planleggingsansvaret for lokalnettet i området. I utgangspunktet bør Befring og Veiteberg henvende seg til Sunnfjord Energi med sine utfordringar i lokalnettet.

Dersom Veiteberg og Befring Kraftverk vil bidra økonomisk til ei nettløysing frå Klakegg til Skei som løyser deira utfordringar, er utbyggjar positiv til det. Ein klar føresetnad må vere at Stardalen Kraft ikkje må ta kostnader knytt til dette utover det som er nødvendig for eige prosjekt og transport av eigen produksjon til trafo på Skei etter gjeldande lovverk for anleggsbidrag.

Stardalen Kraft finn det urimeleg at tiltaket skal bli påførde ekstra kostnader med nettilknytning for anlegg som ligg utanfor vårt område, der det tidlegare er gjeve konsesjon for produksjon av kraft med det nett som er i dag.

2.12 Produksjonsberegninger og minstevannføringer

1) Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

Fylkesrådmannen er merksam på at slepping av meir vatn i elva frå inntaket betyr lågare produksjon og dermed dårlegare økonomi i prosjektet, men ønskjer likevel at vassleppinga frå inntaket vert auka noko i retning av femte lågaste vassføring om sommaren, gjerne i storleik 3-4 m³/sek. I tillegg er det ein viktig føresetnad at det vert arbeidd vidare med planar for bygging av tersklar for å oppretthalde ei så normal vassflate som mogeleg, sjølv med redusert vassføring.

2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

"I tillegg vil restfeltet bidra med 0,82 m³/s. Med eit så stort vassuttak vil utbygginga medføre ei stabilt låg vassføring heile året, og dei store variasjonane som pregar vassdraget i dag blir vesentleg mindre. I tørre år vil elva stort sett ha berre minstevassføringa tilbake mellom inntak og kraftstasjon".

Stardalen Kraft sin kommentar:***1) Sogn og Fjordane Fylkeskommune.***

I samband med konsesjonsøknaden har Stardalen Kraft vurdert bekkeinntak av to sideelvar som bidreg med betydeleg vassføring, spesielt om sommaren. Dette vart lagt bort då ein såg dette som eit miljømessig dårlegare alternativ der sideelvane er godt synlege i naturen. Ein trekte den konklusjon at denne vassføringa som kjem til tidleg i influensområdet vil gje ein betydeleg tilførsle av vatn utover føreslegen minstevassføring på 2 m³/s.

Dei to sideelvane som er omtala bidreg med gjennomsnittleg vassføring i sommarhalvåret på 1,4 m³/s, og vesentleg meir i juni, juli og august i eit normalår.

Tiltakshavar meiner dette saman med omsøkt minstevassføring om sommaren på 2 m³/s oppfyller det som fylkeskommunen ynskjer, og vel så det.

Dette var også konklusjonen under politisk handsaming i fylkesutvalet der omsøkt minstevassføring vart vurdert som tilfredsstillande og vart stadfesta i vedtaket deira.

Bygging av tersklar er viktig som avbøtande tiltak og vil sjølvsagt bli grundig vurdert og innarbeidd.

2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

I sommarhalvåret bidreg restfeltet med i snitt 1,4 m³/s og denne vassmengda blir tilført tidleg på den berørte strekninga. I tørre år (med lite nedbør og oftast høg temperatur) har Stardalselva høg vassføring på grunn av stor bre og snøsmelting. Dette er spesielt for denne typen elvar og ein har ei meir stabil vassføring i desse elvane enn ein finn i elvar som ikkje er påverka av stor smelting og avrenning frå breen.

9.4 Skredfare***1) Jølster Kommune:***

"Jølster Kommune gjorde i sine merknader til KU programmet I SAK 07/1725 uttale til førehandsmeldinga merksam på at tenkt lokaliseringa til kraftstasjonen ligg i sone for potensiell skredfare etter aktsemdkartet til NGU for stein og snøskred. Det vart sett på som naturleg å krevje geologisk skredvurdering for kraftstasjonen, samt vurdere ulike skred førebyggjande tiltak."

"Administrasjonen i Jølster Kommune krev geologisk skredvurdering utført av godkjent geolog og synast ikkje gjennomførte vurderingar og løysningar er godt nok forankra fagmessig. Ein geolog bør også sei noko om eventuell førebygging og lokalisering av denne."

2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

"Det er viktig at det ved planlegginga av alle mellombelse og permanente installasjonar og anlegg (vegar, linjer m.v.) vert gjort analysar av skredfare, for å redusere sårbarheita mest mogleg."

Stardalen Kraft sin kommentar:***1) Jølster Kommune***

Utbyggjar har på bakgrunn av vurderingar frå geolog søkt om å leggje kraftstasjonen i fjell. Ein har også søkt om å bruke deler av tunnelmassen til ein rasvoll som vil skjerme utløpskanal mot ras både sommar og vinter. Denne er sjølvsagt tenkt revegetert slik at den ikkje blir noko synleg landskapselement utover anleggsperioden. Ved å gjere nødvendige tilpassingar i kraftstasjonsområdet med m.a revegetering vil hjorten sitt trekk bli tilnærma som før i driftsfasen.

At administrasjonen i Jølster kommune dreg i tvil fagleg forankring der søkjar har nytta dei fremste og mest erfarne geologane til Multiconsult som utifrå sine vurderingar har tilrådd omsøkt løysing som den sikraste og beste, finn vi urimeleg.

Det er også noko underleg at administrasjonen i Jølster kommune krev geologisk skredvurdering når utbyggjar faktisk har hatt dette og konklusjonen er trekt. Å ha ei ny geologisk vurdering på omsøkt alternativ når det nettopp er gjennomført finn vi både unødvendig og urimeleg. I omsøkt alternativ er kraftstasjon, utløp, tilkomstveg og massedeponi sikra mot ras og utbyggjar forstår ikkje kva ei eventuell ny geologisk utgreiing kan gje svar på som ein ikkje veit i dag og som er teke hensyn til i det som er omsøkt. Området har i dag ikkje alminneleg ferdsel og det er ikkje venta at det vil endre seg etter ei eventuell utbygging. Ein vil også peike på at det er relativt sjeldan det går ras i området og sjølve massedeponiet, anleggsvegen, permanent veg og all kabling er utanfor det grunneigarane med god lokalkunnskap definerer som rasfarleg.

2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

I omsøkt alternativ er alle mellombelse og permanente installasjonar og anlegg (vegar, linjer m.v.) godt sikra mot ras og Fylkesmannen sine synspunkt er godt ivaretekne. Det er forutsett at rasvoll blir prioritert først ved masseuttak slik at ein sikrar området godt også i anleggsfasen. Ein vil også peike på at det er relativt sjeldan det går ras i området og sjølve massedeponiet, anleggsvegen, permanent veg og all kabling er utanfor det grunneigarane med god lokalkunnskap definerer som rasfarleg.

10.3 Landskap-mulige konsekvenser

1) Sogn og Fjordane Turlag:

“Konsekvensutgreiinga for landskap synest vi generelt sett er svært god, men vi synest at fordelene som følgje av at omlag 2,4 km elv ikkje vert påverka viss utbyggingsalternativ B vert valt, er klårt undervurdert!

*Når det gjeld inntaksdammen må det klargjerast om den påverkar elva 390 m eller 1.200 m oppstrøms. Viss det korrekte er 1.200 m, er det så mykje at vi **ber NVE sterkt vurdere å krevje at toppen på dammen vert senka litt**. Vi ser også at det i konsesjonssøknaden vert operert med ein HRV på 267,5, medan det i konsekvensutgreiinga blir operert med HRV 267. Er det denne halvmeteren som gjer at elva vert påverka 810 ekstra meter oppover? **Det må klargjerast!**”*

2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

”Sett frå vegen er elva berre synleg på delar av den planlagt utbygde strekninga. Vi meiner likevel at elva og opplevinga av denne er viktig for landskapet og opplevinga av området. Ved ei så høg utnytting, som planane legg opp til, vert oppleving av elva og landskapsbiletet endra. Ein reduksjon i vassføringa om sommaren vil redusere opplevinga betydeleg for tilreisande og ålmenta elles. Fylkesmannen meiner at minstevassføringa som er foreslått, ut i frå vedlagte fotodokumentasjon, er for låg til å ivareta elva som viktig landskapselement. Etter vår vurdering bør det sleppast ei minstevassføring minst tilsvarende 5-persentil vassføring om sommaren, då elva normalt er på sitt største og utgjør eit viktig trekk i landskapsbiletet. Minstevassføringa vil saman med overløp også sikre det levande miljøet på utbyggingsstrekninga.”

Stardalen Kraft sin kommentar:***1) Sogn og Fjordane Turlag:***

Utbyggjar meiner omsøkt alternativ er det som gjev minst synlege endringar i landskapet både i anleggs- og driftsfasen. Med massedeponi og inntak godt skjerma frå innsyn for ålmenta, kraftstasjon i fjell, føreslegen nettilknytning og avbøtande tiltak med relativt tett med tersklar vil omsøkt alternativ etter utbyggjar sitt syn knapt bli synleg i landskapet i driftsfasen.

Når det gjeld dammen sin påverknad på elva oppstrøms, kan følgjande seiast:

Dammen er utstyrt med ei luke som gjev ein HRV (høgste regulerte vasstand) på kote 267,5. Ved stigande vassføring vil luka bli gradvis opna og vasstanden ved dammen vil bli senka. Ved vassføringar over 32 m³/s er luka opna så mykje at ein fylgjer naturkurva i elva frå 200 m oppstrøms dammen. Ved slike vassføringar vil dammen med andre ord påverke (auke) vasstanden ca. 200 m oppover i elva (vidare oppover vil den være som i dag).

Ved vassføringar under 32 m³/s vil luka bli manøvrert slik at vasstanden ikkje kjem over naturkurva til 32 m³/s på strekninga 200 til 1200 m ovanfor dammen. Ved ei middelvassføring på 12,6 m³/s vil vasstanden bli noko heva i forhold til normalsituasjonen ca 600-800 m oppover elva. Ved svært låg vassføring i elva vil ein, pga av svært lite fall vidare oppover langs elva, få eit område med stillestående vatn som strekkjer seg inntil 1200 m oppover i vassdraget. Dette er forsøkt illustrert i figuren under:

(figur)

Viser også til fotodokumentasjon på aktuell vassføring i fagrapport.

2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

I omsøkt alternativ er det lagt inn relativt tett med tersklar som avbøtande tiltak. Den berørte elvestrekninga er godt eigna for terskelbygging og spesielt dei områda som er synlege frå vegen. Utbyggjar er difor av den oppfatning at føreslegne avbøtande tiltak langt på veg vil oppretthalde både opplevinga og landskapselementet som elva er. Fotodokumentasjon i søknaden viser lågvassføringa slik den er i dag, men ved å tilpasse bygginga av tersklar vil ein kunne få eit vesentleg større vassdekt areal på lågvassføring enn det som er i dag dersom dette er ynskjeleg.

Utbyggjar vil også gjere merksam på at det er område lenger oppe i dalen som er omtala som eit nasjonalt og internasjonalt landskapsområde og at berørt elvestrekning ikkje er i same kategori. Jostedalsbreen Nasjonalpark er også lenger inne i dalen og slik sett ikkje ein del av berørt område for utbygginga.

12 Flora og Fauna***1) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:***

"Mindre vassføring og lågare vasshastigheit vil kunne føre til at elva frys lettare til, noko som vil kunne påverke næringssøk for fossekalen om vinteren. Auka minstevassføring om vinteren, til 5- persentil vintervassføring (1,0 m³/s), vil avbøte noko på dette.

Fylkesmannen er samd i at området må sjekkast ut for eventuelle reirlokaltetar for desse artane før ei ev. utbygging finn stad. Dette arbeidet må gjerast av kyndige fagfolk slik at fuglane ikkje vert uroa på hekkplassen. Anleggsaktiviteten må skje utanom hekkeperioden 1. februar – 30. juni."

Stardalen Kraft sin kommentar:***1) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:***

Berørt elvestrekning består av mange mindre fossefall med naturlege tersklar og kulpar. Desse ligg delvis opne sjølv om elva elles er frosen til når elva er upåverka av utbygging i dag. Desse vil med dei avbøtande tiltak som er føreslegne etter utbyggjar sitt syn vere tilnærma som før etter utbygging og også i framtida vere dei stadene der fossekallen kan drive næringsøk vinterstid når elva elles er islagt.

Kartlegging av hekking som utbyggjar sjølv har føreslege bør gjennomførast, men resultatet av denne kartlegginga må vere grunnleggande for eventuell tilpassning av anleggsdrifta opp mot eventuell hekking i området.

13.3 Fisk og ferskvannsbiologi-mulige konsekvenser***1) Sogn og Fjordane Turlag:***

"I denne utbygginga, som i fleire andre utbyggingar som no er i ulike fasar av handsaming i NVE og OED, ser vi gong på gong konsekvensutgreiingar for fisk som konkluderer med at kraftutbygginga enten vil vere til fordel for fisken, eller at den kanskje vil vere til fordel for fisken."

"Problemet vårt er at vi dessverre har for lite kunnskapar om fisk og kraftutbyggingar, så vi har ikkje fagleg godt nok grunnlag til å kunne påstå at det eller det som vert skrive om fisk, er feil. For denne utbygginga blir det hevda at den vil vere til fordel for fisken. Vi kan ikkje utelukke det, men vi kan heller ikkje stadfeste det."

Stardalen Kraft sin kommentar:***1) Sogn og Fjordane Turlag:***

Søkjar har nytta konsulent med spesielt høg kompetanse og lang erfaring på sitt fagområde. Rådgivende Biologer har erfaring frå mange og forskjellige oppdrag over heile landet og har opparbeidd spesiell kompetanse og erfaring med kalde og brepåverka elvar. Ein er difor trygg på at konsekvensane på fisk og ferskvassbiologi held fagleg høgt nivå som det ikkje er grunn til å trekkje i tvil. Konklusjonen er at omsøkt utbygging vil ha positive effekt på fisket.

Sogn og Fjordane Turlag sine synspunkt er å sjå på som ei meiningsytring som ikkje har fagleg dekning, og dei skriv også sjølv at dei ikkje har kompetanse på området.

15.3 Luftforurensing og støy-mulige konsekvenser***1) Sogn og Fjordane Turlag:***

"I utgreiinga er det påpeika at utbyggingsalternativ B vil føre til støyproblem for dei av kraftutbyggarane som bur på Ytre Heggheim. I anleggsfasen er det ingen grunn til å tvile på det, enten ein brukar fjelltunnelalternativet eller nedgraven røyrgatealternativet som vi har skissert. Problema vert ulike, og vil ramme på ulik måte, for dei to alternativa. Men dei vert i den store samanheng relativt kortvarige. Kraftstasjonen vil stå nede i eit søkk "med ryggen mot busetnaden". Viss det vert gjort skikkeleg arbeid, er det absolutt ingen grunn til å rekne med at den i driftsfasen vil føre til støyproblem for nokon del av busetnaden!"

Stardalen Kraft sin kommentar:***1) Sogn og Fjordane Turlag:***

Søkjar er av den oppfatning at alternativ B vil gje vesentleg større støyplager både i anleggs og driftsfase enn omsøkt alternativ. Alternativ B vil berøre bustaden på Ytre Grepstad i tillegg

til bruka på Ytre Heggheim både med støy og støvplager.

Det er ingen tvil om at omsøkt alternativ ikkje vil gje nemneverdig støv eller støyplager for nokon busetnad i anleggs eller driftsfasen dersom kraftstasjon vert lagt i fjell og omsøkt massedeponi vert brukt.

Tiltakshavar er difor av den oppfatning at alternativ B vil vil medføre vesentleg større ulemper for fastbuande enn det som er omsøkt både mht. luftforurensing og støy både i anlegg og driftsfase.

18.3 Georessurser (mineraler og masseforekomster)

1) Jølster Kommune:

"Stardalselva er ei elv som transporterar mykje masser og det har vore nytta som næringsgrunnlag for fleire bruk i påverka del av elva. Det er år om anna teke ut fleire tusen m³ elvegrus til dette formålet. Ein kan lese i KU at det skal lagast eit sedimenteringsbasseng ved dammen for å fange opp lausmassar som kjem med elva. Sedimenta skal spylast ut ein gong i året jamfør det som står i KU".

Stardalen Kraft sin kommentar:

1) Jølster Kommune

Innanfor utbygd elvestrekning er det ikkje gjort masseuttak i elva utover massar til eige bruk til jordbruksføremål. Dette har veldig avgrensa omfang og vil ikkje bli påverka av utbygginga. Massen i elva her veldig avgrensa komersiell bruksverdi, og er ikkje brukbar korkje til veggrus eller som tilslag i betong.

I Jølster Kommune si utgreiing vert det vist til masseuttak som har vore nytta som næringsgrunnlag for fleire bruk med uttak av fleire tusen m³ elvegrus.

Det som her er omtala er så langt tilbake som slutten av 60 og kanskje tidleg på 70-talet og der har ikkje vore masseuttak av dette omfang sidan. Grunnen er så enkel at massen det er snakk om er lite anvendeleg og fleire entreprenørar i nærområdet har eigen produksjon av knust masse for sal (pukk, singel, støypesand og veggrus).

Utbyggjar er heller ikkje kjend med at det er gjeve løyve til masseuttak i Stardalselva, noko som vil krevjast for uttak til sal/næring. På henvendelse til Jølster kommune pr. telefon (T. O. Farsund) får ein opplyst at det ikkje har vore gjeve løyve til massuttak i området og at det pr 9.7.2010 ikkje er motteke søknad om slikt løyve. Farsund tek atterhald om at slik løyve kan vere gjeve av NVE men kommunen er ikkje kjend med det, noko som nok hadde vore tilfelle om dette var reelt.

Området der det var masseuttak ligg om lag fire-fem kilometer elvestrekning nedanfor utløpet frå kraftstasjonen. I hovudsak vert massane det er snakk om tilført på flaumvassføring. Utbyggjar er av den oppfatning at med dei rutinar som vil bli med utspyling av sediment og vanleg flaumvassføring vil ikkje masseforekomstane i Våtedalen bli påverka og eventuelt masseuttak vil kunne gjerast uavhengig av utbygging eller ikkje både til eige bruk og eventuelle andre former for masseuttak.

20.1 Friluftsliv og reiseliv, områdebeskrivelse

1) Sogn og Fjordane Turlag:

“Vi har få merknader, men kan nemne at det også er andre aktører enn dei lokale som arrangerer fellesturar i området. Mellom andre DNT Oslo og omegn, og andre turistforeiningar/turlag frå andre delar av landet. Ettersom dette dreiar seg om turar som har utgangspunktet lenger oppe i Stardalen enn der utbygginga er (Befring, Veiteberg, Høyset og Fonn), har vi ikkje undersøkt nærare kor stort omfang slike turar har.”

“Når Jølster Rafting brukte Stardalselva berre ein gong i 2009, så var det spesielle grunnar til det, og vi reknar med at 2008 var mykje meir ”eit normalår” for bruken av Stardalselva enn 2009.”

“Det er heilt klårt at ei stor kraftutbygging i Jølstra vil kunne ramme Jølster Rafting AS svært hardt, særleg viss det største utbyggingsalternativet vert valt, og får konsesjon. Men også det minste utbyggingsalternativet vil vere svært uheldig fordi det, etter det vi har forstått, vil gå ut over den mest attraktive delen av elva!”

2) Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

“Fylkesrådmannen er merksam på at aktivitet som rafting og padling i elva ikkje kan oppretthaldast på utbyggingsstrekninga på grunn av redusert vassføring. Her vil fylkesrådmannen trekke fram at Stardalselva ovanfor Flatjord også er brukt til denne aktiviteten, medan det er Jølstra nedstrøms Vassenden som vert rekna som den best eigna elvestrekninga i dette området.”

3) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

“I friluftssamanheng er det først og fremst raftingaktiviteten som vert påverka av ei utbygging (alt. A). Det vert i utgreiinga konkludert med at heile den berørte elvestrekninga vil få ei så låg vassføring at den ikkje lenger kan nyttast til dette føremålet.”

Stardalen Kraft sin kommentar:

1) Sogn og Fjordane Turlag:

Området på Heggheim/Grepstad/Klakegg er ikkje nytta til organiserte turar i det heile. Den turaktiviteten som er i området er berre av dei som er knytt til gardsbruka og bruk av ein stølsveg på andre sida av fjellet på Heggheim. På grunn av at det no er bygd veg frå Egge i Breim til Eggestøylen er tilkomsten derifrå både kortare og lettare og den som blir nytta mest. Det er berre unntaksvis at den gamle støylsvegen som ikkje vil bli råka av utbygginga vert nytta. Bruka på Grepstad har støyl i Befringsdalen som er eit dalføre lenger inne i dalen og er fullstendig uberørt av denne utbygginga.

Når det gjeld Jølster Rafting har dei ikkje nytta elva nemneverdig sidan dei flytta basen sin frå Stardalen til Vassenden i 2006. Grunnen til flyttinga var at Jølstra er ei betre elv for rafting og dei har auka omsetnaden vesentleg etter at ein gjekk vekk frå Stardalselva som hovedelv. Etter at basen vart flytta til Vassenden har rafting ikkje lenger nokon vesentleg betydning for reiselivet i indre Jølster. Jølster Rafting har langsiktig leigeavtale med Solrenning Camping på Vassenden der dei tillegg til rafting også driftar og tilbyr hytteutleige og campingplass på same stad som dei har basen sin på.

At Jølster Rafting ikkje lenger nyttar elva nemneverdig er val dei har gjort sjølve utifrå egne vurderingar. Sogn og Fjordane Turlag antyd at det er spesielle årsaker til at elva ikkje er brukt i 2009, desse årsakene er ukjend for tiltakshavar.

Det vert vist til 2008 som eit normalår og her var det kun snakk om 8 båtar heile sesongen. Vi er kjend med at det inkludert i dette talet også er turar berre med instruktørar, slik at den bruken som gjev inntekter i selskapet ikkje kjem frå Stardalselva. I følge rapporterte tall til Brønnøysundregisteret hadde selskapet driftsinntekter på kr 809.000 sesongen 200 og inntektene auka med om lag 100.000,- i 2009.

Sjølvs om turistsesongen er straks over pr. 6. august er Stardalselva så å seie ikkje nytta i til rafting i år sjølv i beste turistsesongen, medan aktiviteten i Jølstra er stor.

Søklar er kjend med at Sogn og Fjordane Turlag har skrive i andre høyringsuttalar i same vassdrag at Stardalen Kraft har stengt Jølster Rafting ute frå elva i Stardalen.

Grunnen til dette er vel så enkel at dette ikkje var rett, noko som vart teke konsekvensen av.

Det er også grunn til å nemne at Jølster Rafting har motteke innkalling til folkemøte og alle saksdokument i samband med begge høyringane som har vore, der NVE har teke dei med som høyringsinstans.

Dei har ikkje møtt på nokon av folkemøta for å få informasjon og heller ikkje gjeve uttale på konsesjonssøknaden, noko som etter tiltakshavar si oppfatning viser at Stardalselva ikkje er så viktig eller interessant for dei i framtida som turlaget freistar å gje inntrykk av.

Det er også grunn til å trekkje fram at Jølster Rafting kun har nytta siste 1,5 km av berørt elvestrekning på 3 km og at dei også har nytta lange strekningar (7-8 km) til rafting lenger inne i Stardalen, eit dalføre som har ei totallengde på 14 km. Desse strekningane er uberørt av vår utbygging og sjølv om ein liten del av elva som har vore nytta til rafting blir borte ved utbygginga, er her mange kilometer elvestrekning som har vore nytta tidlegare som er heilt uberørt og som kan nyttast til rafting også i framtida.

Sogn og Fjordane Turlag trekkjer også fram eit utbyggingalternativ i Jølstra som har vore omtalt i media. Dette er etter det vi kjenner ikkje omsøkt og det vil mest sannsynleg ta mange år før det blir det. Uansett meiner tiltakshavar at det er lite relevant at Stardalen skal avstå frå utbygging i eit vassdrag som ikkje er nemneverdig nytta til rafting i påvente av avklaring på eit slikt prosjekt i anna vassdrag.

Utfordringane knytt til Jølstra og rafting må ein uansett finne løysingar på der, og utifrå uttalar i media er tiltakshavar i Jølstra innstilte på å finne løysingar då rafting trekkjer ein del turistar til området og er eit positivt bidrag lokalt i Vassendenområdet mht turisme.

2) Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

Tiltakshavar vil gjere merksam på at berørt elvestrekning ikkje er nytta til elvepadling då den er for utfordrande for det. Desverre har her vore enkelte forsøk der ein har vore nær alvorleg ulykke, men dette er etterkvart kjent i miljøet slik at ingen prøver seg i desse stryk som er direkte farlege for denne typen aktivitet. Av strekninga som er søkt utbygd er det berre kring halvparten som har vore nytta til rafting og padling er ein aktivitet som ikkje vert driven der i

det heile.

3) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Det er noko missvisande når det vert beskrive slik at heile berørt elvestrekning ikkje kan nyttast til rafting. Det er berre halve strekninga som blir berørt av utbygginga som har vore nytta til rafting. Det er også grunn til å minne om at størstedelen av den totale strekninga i Stardalselva som har vore nytta til rafting er uberørt av utbygginga og kan nyttast som før.

Ein vil også påpeike at elva dei tre siste åra er ubetydeleg brukt til rafting då Jølstra er den elva som i dag trekkjer til seg denne typen aktivitet på grunn av betre kvalitetar. Jølster Rafting er einaste aktør som dreiv vassport i Stardalselva og har teke konsekvensen av dette og flytta så godt som all aktivitet til Vassenden heilt vest i kommunen.

22. Konsekvenser av eventuell start-stopp køyring av kraftverket.

1) Sogn og Fjordane Turlag:

"Viss NVE vurderer å gje løyve til slik "skvalpekøyring", som det gjerne vert kalla, ber vi NVE vurdere om det trengs ei grundigare utgreiing av konsekvensane. Vi synest det!"

"Nokre korte kommentarar: Botndyr er ein viktig del av maten til fisken. Viss tettleiken av botndyr vert redusert, vil den reduserte mattilgangen også gå ut over fisken, det kan det neppe vere nokon tvil om! Viss det blir "skvalpekøyring" i Stardalen kraftverk, vil det høgst sannsynleg føre til slik køyring også i Hjelle kraftverk. Hjelle kraftverk har lægre minimumslukevne enn det som er planlagt for Stardalen kraftverk, slik at dei kan i dag køyre kontinuerleg på vassføringar der Stardalen kraftverk må gå over til "skvalpekøyring", viss det skulle bli gitt løyve til det."

2) Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

"Planlagt start-stopp køyring av kraftverket vil påvirke elva nedanfor kraftstasjonen med større variasjonar i vassføring. Dette vil kunne virke negativt for fiskeinteressene på strekninga nedstrøms kraftstasjon. Dette er uheldig fordi det er nettopp her, i øvre deler av Votedalen, det tradisjonelt har vore mest fritidsfiske. Området mellom inntaket og kraftstasjonen har ikkje vore med i fiskekortordning. I høve til friluftsliv/fiske vil start-stopp køyring difor virke negativt og for desse interessene er det truleg viktigare å få sløyfa startstopp køyringa enn å få auka minstevassføringa."

3) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

"På lengre elvestrekninga nedstrøms utløp frå kraftstasjonen renn Stardalselva relativt flatt med store sand- og grusbankar. Når vasstanden går ned raskt vil delar av elvebotn bli tørrlagd, noko som kan medføre stranding av fisk og botndyr. I søknaden står det at med ei 0,5 m regulering av "overvannet" i samband med start-stopp køyring (heving av vasstand frå kote 267 til kote 267,5), vil elva demme ca. 1200 meter oppover. Ei slik hurtig opp og ned køyring av vasstanden, med ei utstrekning oppstrøms frå 390 m ved kote 267 til 1200 m ved kote 267,5, vil ha svært negativ verknad for landskap, fisk og annan ferskvassbiologi knytt til inntaksdammen."

Stardalen Kraft sin kommentar:

1) Sogn og Fjordane Turlag:

Viser til utale under 3)

2) Sogn og Fjordane Fylkeskommune:

Viser til utale under 3)

3) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

Ved start-stopp køyring vil ein nytte ca 0,5 m av magasinet, dvs. ein fyller magasinet opp til HRV (267,5) og tappar det deretter 0,5 m ned (til 267,0) før ein igjen fyller det til HRV.

Dette vil medføre vassstandsvariasjonar i elva opp til ca 1200 m ovanfor inntaket. I dette området er elvebotnen flat, og det skal lite vatn til for å gje eit stort vassdekt areal. Elva blir med andre ord ikkje tørrlagt i si heilheit, men mindre delar av elvebotnen kan bli tørrlagt når ein senkar vassstanden.

